Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

September 2014

Jarle Sandvik, siv.ark. mnal
Gry Mørk, parkforvaltar

Tittel:
Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

Prosjekt nr.
37810

Forfattarar:
Jarle Sandvik, siv.ark. mnal
Gry Mørk, parkforvaltar

Dato:
09.09.2014

Oppdragsgjevar:
Nærøyfjorden Verdsarvpark

Kontaktperson oppdragsgjevar:
Erling Oppheim og Gry Mørk

Styringsgruppe:
Gry Mørk, Nærøyfjorden Verdsarvpark
Arlen Synneve Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Per Morten Ekerhovd/Roald Landøy, Hordaland fylkeskommune
Trond Taugbøl, Riksantikvaren
Jan Olav Møller, Aurland kommune

Referat:
Restaureringsplanen er basert på synfaringar gjorde hausten 2010 og året 2011, samt innhenta informasjon frå eigarar og ved folkemøte.

Framsideillustrasjon:
Høgdegarden Nedbergo. Foto: Jarle Sandvik

Produsert av:
Siv.ark. mnal Jarle Sandvik, Postboks 55, 5741 Aurland
E-post: ark.js@online.no
Tlf.: 57 63 31 73

Forord

Restaureringsplanen er ei oppfølging og konkretisering av Forvaltningsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden pkt. 4.3 om kulturminne og kulturmiljø og Parkplan for Nærøyfjorden verdsarvpark.

Planen omfattar kun bygningar i verdsarvområdet. Andre kulturminne som vegar, automatisk freda kulturminne, krigsminne ol. vert ikkje omtala i denne planen, men er og viktige kulturminne i landskapet. Føremålet med planen er ikkje å skaffe ei fullstendig oversikt over bygningar i verdsarvområdet, men å lage ei oversikt over bygningar med særskild trong for tiltak. Godt vedlikehaldne bygningar er berre unntaksvis medtekne som eksempel.

Planen omfattar berre bygningar i Aurland kommune med eitt unntak for Sivlesøy som ligg i Voss kommune. Det er ikkje registrert verneverdige ståande bygningar i den delen av verdsarvområdet som ligg i kommunane Vik og Lærdal.

Planen skal danne grunnlag for ei planmessig istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet slik at ivaretakinga av bygningar der kan vere eit eksempel på beste praksis. Ideen om å lage ein slik plan vart teke opp, drøfta og vedteke på møte i Verdsarvrådet i 2009. Deretter tok Verdarvparken på seg ansvaret for å gjennomføre prosjektet.

Restaureringsplanen er finansiert av midlar frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 72.9 som Sogn og Fjordane fylkeskommune fordeler til ulike prosjekt innanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

Restaureringsplanen er utarbeidd av sivilarkitekt Jarle Sandvik. Parkforvaltar i Nærøyfjorden Verdsarvpark Gry Mørk har skrive kapittelet om restaureringsrettleiar.

Restaureringshandverkar Magnus Wammen har utarbeidd restaureringsplan m/tilstandsanalysar for Nedbergo og Dyrdal, samt tilstandsanalysar for nokre einskildbygningar, m.a. Naust på Styvi, Skogastova, hytta i Nordheimsdalen. Nokre av desse ligg ved som vedlegg til planen.

Det er halde møte i styringsgruppa 14. juni 2011 og 20. juni 2012.

Planen skal rullerast kvart 5. år. Ved revisjon vil bygningar som enno ikkje er synfare bli tekne med.

Aurland, 09.09.2014

Jarle Sandvik

INNHALD

1. Bakgrunn for planen **side 4**
2. Målsetjing **” 4**
3. Forvaltning og lovverk **” 4**
4. Vurdering av verneverdien til dei enkelte bygningane og bygningsmiljøa **” 5**
4.1 Kriterier for verneverdi ” 5
4.2 Autentisitet ” 6
4.3 Opplevingsverdi i høve til landskap og heilheitlege bygningsmiljø ” 6
4.4 Mogelegheit for restaurering ” 6
4.5 Gjennomføring av restaurering ” 7
5. Metode. Registrering og tilstandsvurdering **” 7**
6. Utveljing/prioritering **” 7**
7. Bygningsmiljø **” 8**
7.1 Gardsmiljø langs fjorden og i låglandet ” 8
7.2 Høgdegardar ” 8
7.3 Utmarksløer ” 8
7.4 Stølsmiljø ” 9
7.5 Sjønære område ” 9
7.6 Naust og sjøbuer ” 9
7.7 Tettstad- og grendamiljø ” 9
7.8 Sag- og skogsbruk ” 9
7.9 Kraftverk ” 10
8. Byggjeskikk og byggjeteknikk **” 10**
9. Grendvis oversikt over bygningar og bygningsmiljø **” 12**
9.1 Aurland og tilhøyrande stølar ” 13
9.2 Flåm ” 16
9.3 Undredal m/Hjøllo og Stokko ” 19
9.4 Høgdegardane Stigen og Nedbergo ” 34
9.5 Breisnes m/Nordheimsdalen ” 38
9.6 Styvi ” 42
9.7 Ramsøy ” 45
9.8 Skjerpi, Hylland, Hemri og Gudvangen ” 50
9.9 Gudvangen tettstad - Fet ” 55
9.10 Bakka og Tufto ” 59
9.11 Dyrdal og Drægo ” 71
9.12 Området innanfor Voss kommune ” 84
10. Restaureringsrettleiar **” 88**
11. Litteraturliste og kjelder **” 98**

Vedlegg:
Resursar innan antikvarisk istandsetjing i, ved og utanfor planområdet ” 100
Restaureringsplan for Nærøyfjorden – Klyngetunet i Dyrdal ” 102
Kartvedlegg: ” 114
Flenes – Fronnes. Frondalen. Øyane, Ljoren og Ljosdalen. Vassete og Tyrva. Undredal. Stigen og Nedbergo. Breisnes/Nordheimsdalen. Nærøydalen. Bakka/Tufto. Dyrdal og Styvi. Lægdene. Grindafletane. Sivlesøyni og Øvsthus.

1. Bakgrunn for planen

Bakrunnen for utarbeiding av planen ligg nedfelt i "Forvaltningsplan for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden" og satsingsområde "Parkplan til Nærøyfjorden verdsarvpark".

Gardstun, husmannsplassar og enkeltstÆande bygningar er viktige fokuspunkt i landskapet. I N¾r¿yfjordomrÆdet finn ein mange gardar og buplassar som gjennom tidene har blitt frÆflytte og som no ligg til forfall. Mykje av forfallet kan ikkje stoppast, og kan ikkje restaurerast. Nokre bygningsmilj¿ og bygningstypar bør sikrast for framtida for Æ ha eit representativt utval av bygningtypar og bruksomrÆde. I s¾rskilt grad b¿r det gjerast ein innsats for Æ halde vedlike dei bygningsmilja som er eksponert mot fjorden, bÆde nede ved sj¿en og hyttegardar (Forvaltningsplan for N¾r¿yfjordomrÆdet).

2. Målsetjing.

Utarbeide statusoversikt over verneverdige bygningar i området og arbeide for å sikre at eit representativt utval vert teke vare på for framtida. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med Nærøyfjorden verneområdestyre, eigarane, representantar frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar, vedrørte kommunar og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

3. Forvaltning og lovverk

3.1 Forvaltning

Kartlegging, planlegging og gjennomføring av tiltak knytt til kulturminne skal skje i samråd med fylkeskommunen, eigarane og Verdsarvparken som rådgjevande organ. Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden omfattar 5 verneområde – Nærøyfjorden landskapsområde, Bleia – Storebotn landskapsområde, Bleia naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat og Grånosmyrane naturreservat. I saker der tiltaket ligg innanfor eit av verneområda i Nærøyfjorden, skal som hovudregel Nærøyfjorden verneområdestyre, som er forvaltningsorgan i slike saker, handsama sakene først.

3.2 Plan og bygningslova

Plan- og bygningsloven – av 27. juni 2008 - gjev kommunen moglegheit til å sikre verneverdige bygningar, bygningsmiljø, samt andre typar kulturminne og kulturlandskap eit bindande vern ved bruk av omsynssoner igjennom sitt planarbeid. Omsynssoner kan leggast over kulturminna i både overordna planar (arealdel til kommuneplan) og i reguleringsplanar (områderegulering og detaljregulering). Omsynsonene vert avmerka i plankartet og det må gjevast retningsliner og føresegner som sikrar dei kulturminneverdiane som ein ynskjer å bevare på ein god måte.

3.3 Kulturminnelova

Lov om kulturminner av 9. juni 1978.
Ved søknad om riving eller vesentleg endring av ikkje freda bygning eller anlegg oppført før 1850 har kommunen plikt til å sende søknaden til kulturavdelinga i vedkomande fylke seinast fire veker før søknaden vert avgjort. Vedtak om riving eller vesentleg endring av slike byggverk og anlegg skal umidelbart sendast til kulturavdelinga, dersom denne har uttalt seg mot riving eller vesentleg endring. Jfr. § 25.

3.4 Freding

Freding er det sterkaste juridiske vern eit kulturminne/kulturmiljø kan ha.
Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda gjennom "Lov om kulturminne". For ståande byggverk er grensa før 1650. Yngre byggverk kan også fredast ved vedtak.
Alle kan foreslå freding. Berre Riksantikvaren kan gjera vedtak om freding, til vanleg på grunnlag av fylkeskommunen si saksutgreiing og innstilling.
Med unntak av kyrkjer er det pr. i dag ingen freda bygningar innanfor Nærøyfjorden Verdsarvområde.

4. Vurdering av verneverdien til dei enkelte bygningane og bygningsmiljøa

4.1 Kriterier for verneverdi

Aldersverdi – antikvarisk verdi			Bygning som ber preg av forvitring p.gr.a. ver og vind, slitasje etter bruk og gamal form.
Kunnskapsverdi - kulturhistorisk verdi	Bygningshistorisk verdi		Bygningar som står fram som karekteristiske eksempel på bygningstypar, byggjeskikk og materialbruk i tidlegare tider.
	Næringshistorisk verdi		Bygningar/kulturminne som dokumenterer ulike yrker, produksjonsformer og arbeidsmåtar i tidlegare tider.
	Sosialhistorisk verdi		Bygningar/kulturminne som dokumenterer folk sit liv og virke i tidlegare tider.
	Historisk verdi knytt til personar eller hendingar (anekdoteverdi)		Kulturminne som er autentisk og godt ivareteke som dokumentasjon for ei hending eller liv og virke til ein person.
Opplevingsverdi	Arkitektonisk verdi	Estetisk verdi	Bygningar som har ein gjennomført stil og fine detaljar, og som tilfredsstiller estetiske krav. Opplevinga er subjektiv.
	Kunstnerisk verdi		
	Identitets- og symbolverdi		Bygningar som gjev staden identitet - som har betydning for at menneska skal kjenne seg att på staden.
	Miljøverdi		Enkeltbygningar sin verdi i høve til omkringliggande bygningar, natur og kulturlandskap.
	Forekomstverdi		Verdi knytt til forekomst av ulike bygningstypar, både sjeldne og vanlege. Bygningstypar som ein gong var vanlege, men som etter kvart har vorte sjeldne er spesielt viktige.
Resursverdi	Bruksverdi		Bruksverdien er avhengig av om bygningen kan tilpassast til aktuell funksjon – noverande eller ny funksjon.

Økonomisk verdi/ omsetningsverdi	Omsetningsverdien er avhengig av tilpassing til markedssituasjonen. Kan også omfatte bygning som kan framvisast mot betaling.
Pedagogisk verdi	Pedagogisk verdi er eit objekts evne til å forklare noko og som kan formidlast. Verdien kan utnyttast ved å gjere primærverdiane tydelege og tilgjengelege.

4.2. Autentisitet

Omgrepet autentisk vert ofte nytta synonymt med opphaveleg eller orginal. Når det gjeld kulturminne synest det vanskeleg å nytte denne definisjonen. Dei ferraste kulturminna er fullstendig urørte i sine opphavelege omgjevnader. Kulturminne er i bruk over lang tid og vert slitne og reparerte. Deler vert skifta og endra. Som oftast vil det derfor vere tale om grader av autentisitet i høve til ein periode vi fastset.
Følgjande aspekt inngår i autentisitetomgrepet:

- Form. Ytre form.
- Materiale. Orginalt materiale, ovderflatekarakter og patina.
- Funksjon. Identisk eller beslekta med tidlegare bruk.
- Milj¿. Miljøet bygningen står i – visuelt eller strukturelt.
- Teknikk. Framstillingsprosess, byggeteknikk og handverk som er nytta.

4.3. Opplevingsverdi i høve til landskap og heilheitlege bygningsmiljø

Ved UNESCO si innskriving av Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden som verdsarvområde, har kulturmiljø og bygningar fått eiga omtale: ÓRestar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og st¿lar, tilf¿rer det dramatiske kulturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av omr.Ó Opplevingsverdien i høve til kulturlandskapet bygningen ligg i vil såleis vere eit viktig kriterium ved vurdering av verneverdien til dei enkelte bygningane og bygningsmiljøa. Uteløa på Klungrenes i Nærøyfjorden og sommarfjøsen på Holmo er døme på slik sett viktige bygningar. Denne typen bygningar er viktig å ta vare på slik at dei vert ståande så lenge som råd er, også om dei ikkje skal restaurerast til fullgod gamal standard.
Vidare vil ein bygning som ligg i eit heilskapleg bygningsmiljø kunne ha større verdi som miljøskapande objekt enn bygningen åleine tilseier. Som døme kan nemnast tuna på Drægo og Drægali som særmerkte og tidstypiske tun med høg autensitet, og eit godt ivareteke kulturlandskap der omgjevnadane ikkje er prega av nyare tids bygningar. Dei fleste bygningane her er frå etter 1900, men har likevel som bygningsmiljø stor verdi.

4.4. Mogeleheit for restaurering

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføre ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare tilstand.
Ved restaurering må ein velje kva tidspunkt kulturminnet skal tilbakeførast til. Det kan vere slik det var då det vart laga eller oppført, slik det var på eit seinare tidspunkt eller ein kombinasjon av ulike stadium. (Riksantikvaren si ordforklaring).

I konkrete tilfeller må det vurderast om forfallet har kome så langt at eit forsøk på restaurering vil medføre så store utskiftingar av materialar at det langt på veg vert ein ny bygning. Mellom anna er mange bygningar i området sterkt angripne av husbukk. I slike tilfelle må det takast stilling til om det vil vere meir føremålstenleg å reparere bygningen for å ta vare på den slik den står. Reparasjon av bygningen vil ofte vere meir føremålstenleg enn restaurering, og ofte også meir overkomeleg for tiltakshavar. Ei tilbakeføring til opphaveleg utforming vil ofte føre til tap av kulturminne og mykje av historia til bygningen vil gå tapt.

Kulturminne og kulturmilj¿ skal takast vare pŒ for framtida. I konkrete tilfelle mŒ det vurderast om kulturminna skalÓ fŒ liggje i fredÓ og evt. gro til med vegetasjon som vil ha ei skjermande effekt, eller om dei skal sikrast, restaurerast og/eller tilretteleggast for bruk og oppleving. Det skal ligge kulturminnefagleg vurderingar til grunn for alle tiltak. Kartlegging, planlegging og gjennomf¿ring av tiltak knytt til kulturminne skal skje i samrŒd med Fylkeskommunen. (Forvaltningsplan for N¾r¿yfjordomrŒdet).

4.5 Gjennomføring av restaurering

Arbeidet med å ta vare på ein gamal bygning bør starte med motiva bak oppgåva. Ulike verdikriteriar går ofte over i kvarandre, men kan også medføre motsetningar ved vern av kulturminne. Dersom det vert lagt for stor vekt på ein verneverdi, kan ein annan gå tapt. F. eks. kan ei restaurering basert på attendeføring til opphaveleg form, utsjånad og materialbruk medføre at aldersverdi og historisk verdi går tapt ved at bruksspora vert sletta. Ved vern må det takast omsyn til kva som er den viktigaste verneverdien ved eit objekt, og handle deretter.

5. Metode. Registrering og tilstandsvurdering

Som grunnlag for å skaffe oversikt over bygningar i området er nytta Riksantikvaren sitt register for faste kulturminne – SEFRAK-registeret (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne). Registreringane vart utført i åra 1975 – 1995 og omfattar i prinsippet alle bygningar bygde før 1900, men i enkelte område er grensa sett litt lenger fram i tid – m.a. i Undredal.
I planen er det også medteke nokre bygningar frå tida etter 1900. Bakgrunnen for dette er eit ynskje om å ta med bygningar som har særs opplevingsverdi eller historisk verdi, t.d. er autentiske og tidstypiske for sin peiode.
Registrering av bygningane er gjort ved synfaring og fotografering av fasadar og typiske eller kritiske detaljar. Tilstandsanalyser er berre utført i nokre få tilfeller der det er søkt om tilskot og sett i gang restaureringsarbeid. Dette gjeld mellom anna Nedbergo og delvis Dyrdal.
Det er ellers innhenta ein del informasjon frå eigarar og ved folkemøte. Det vart halde folkemøte på Bakka 13. sept. 2011, i Undredal 14. sept. 2011 og i Gudvangen 12. okt. 2011.

6. Utveljing/prioritering

For å kunne gjere ei prioritering av bygningar og bygningsmiljø som skal vernast/ restaurerast er det naudsynt å foreta ei vurdering av bygningane sin verdi ut frå gjevne kriteriar:

- kunnskapsverdi
- opplevingsverdi
- bruksverdi/resursverdi

Ein har i dette prosjektet valt å leggje vekt på å ta vare på bygningar og bygningsmiljø som har potensiale for verdiskaping og næringsutvikling, bruksverdi (tradisjonell eller ny bruk), heiskaplege bygningsmiljø, miljø som anten er synlege frå fjorden eller ligg inntil andre ferdselsområde – offentlege vegar eller turstiar/ -område.
Det er vidare lagt vekt på å ta vare på eit representativt utval av bygningstypar og bygningsmiljø, og bygningar som har stor grad av autentisitet (form, material, teknikk, funksjon og miljø).
I Forvaltningsplanen for vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden er gardstun og bygningsmiljøa på Styvi, Nedbergo, Stigen, Skogane, Bakka, Tufto, Dyrdal og Undredal framheva til å vere av særskild verdi. Dessutan er husmannsplassen Nåli og Solbjørgo nemnde, men her er det ikkje ståande bygningar.
Ved val av bygningar er det dessutan teke omsyn til prioriteringar som er gjorde i Kulturminneplan for Aurland kommune, bygningar som ligg i område som er regulert til vern og bygningar som er viktige for å oppretthalde kulturlandskapet og opplevinga av verdsarven.

7. Bygningsmiljø

7.1 Gardsmiljø langs fjorden og i låglandet

Nærøyfjorden Verdsarvområde er i hovudsak eit jordbrukssamfunn, basert på utnytting av lokale resursar. I tidlegare tider var det i større grad enn no eit intensivt jordbruk der alle resursar vart tekne i bruk, slik som uteståttar, skog og fjellbeite. Jakt og fiske var dessutan ein viktig del av næringgrunnlaget. For å forstå kulturhistoria i området er det viktig å ta vare på element som kan syne og vitne om alle desse funksjonsområda.
Fram til utskiftninga rundt 1900 var det karakteristisk for Vestlandet tun med mange brukarar – som klyngetun eller rekkjetun. Det var eitt hus til kvar sitt bruk på kvar gard, så det vart mange hus i tuna. Opphavleg var det berre ein eller to bruk som etter kvart vart oppdelt i mindre einingar. Det gjaldt å spare dyrkningsjorda. Ofte låg tuna der jordsmonnet var skrint og det dessutan var god byggjegrunn. Det var difor naturleg å byggje i nærleien av dei andre husa. I Nærøyfjorden Verdsarvområde finn ein dei mest karakteristske tuna i Dyrdal og i Undredal før utskiftinga. I Undredal vart klyngetunet mykje oppløyst og endra ved utskiftninga.

7.2 Høgdegardar

Dei fleste av gardsbruka ligg ved fjorden eller i låglandet. P.gr.a. gode fjellbeiter og jaktmogelegheiter vart nokre av gardane anlagt høgare oppe, sjølv om gardane i seg sjølv var meir tungdrivne. Mellom desse gardane er det i dag ståande bygningar berre på Stigen og Nedbergo. På Frondalen, Kappadal, Horten og Solbjørgo er det kun ruiner eller små bygningsrestar att.

7.3 Utmarksløer

I tidlegare tider var utmarksslåttar viktige for å skaffe nok fôr til husdyra. Senare vart utmarka berre nytta som beite. Utmarksløene har såleis i dei fleste tilfeller stått ubrukte i mange år og er i ferd med å forsvinne som bygningstype. Når eigarane har mange bygningar å vedlikehalde, vert denne bygningstypen lett nedprioritert. Det er viktig for å kunne forstå korleis gardane vart drivne før, at nokre av desse bygningane vert bevarte for ettertida. Det er særs mange utmarksløer i Dyrdal, sjølv om mange er gått tapt dei seinast åra. Utmarksløer nær ferdselsårar er prioriterte.

7.4 Stølsmiljø
Innanfor Nærøyfjorden Verdsarvområde er det ei rekke større og mindre stølar – 25 med ståande bygningar. Dei største stølsgrendene er Melhus og Langhuso i Undredal, Hjølmo og Vassete i Dyrdal og Øyane i Flåm. Det er kun på Melhus og Langhuso at det foregår noko form for drift i dag – Undredal Stølsysteri på Melhus og ein brukar som driv ysting på Langhuso. Nokre stølshus vert nytta i samband med sauehald og jakt og mange vert nytta til fritidsbruk.
Av desse stølsgrendene er det Hjølmo, Vassete og Øyane at bygningane er best ivaretekne. Men også her treng enkelte bygningar opprusting og vedlikehald, for å ivareta heilskapen i grendene.
På Melhus og Langhuso er tilstanden til bygningane generelt langt dårlegare enn på dei ovanfornemnde stølane, paradoksalt nok p.gr.a. lett tilkomst og kort veg frå gardane. Bruken som stølshus har opphøyrd, og bygningane vert ikkje brukte i samband med jakt eller anna jordbruksføremål. Dei vil likevel kunne ha potensiale som fritids- og utleigehytter.
Nokre stølsbygningar vil i tillegg til jakt- og fritidsbruk kunne ha potensiale som fritids- og utleigehytter og overnattingstadar i tilknyttning til beferda turstiar. Dette vil særleg kunne gjelde Hovdungo i Undredal.
Stølen Holmo kjem i ei særstilling då den ligg ved fjorden, godt synleg for ferdselen her. Her står dessutan ein fjøs med intakte båsar for kyr og med halvlem for fôr i andre enden. Den einast i sitt slag i Verdsarvområdet.

7.5 Sjønære område
Fjorden og nærliggande område har i tidelegare tider vore svært viktige for næringsgrunnlaget til dei som bur i området. Områda langs fjorden har særleg vorte nytta som beiteområde, sommarstølar og slåttemark. I samband med denne bruken vart det bygt uteløer og stølshus i tillegg til naust. Mange av uteløene er borte, særleg på nordsida av Aurlandsfjorden, men framleis finst det nokre få att, m.a. på Klungrenes.
Bebyggelsen langs fjorden har stort potensiale for bruk i samband med friluftsliv og andre aktivitetar på fjorden, m.a. kajakkpadling.

7.6 Naust og sjøbuer
Alle bygdene hadde fjorden som viktig ferdselsåre, men for Dyrdal, Styvi, Stigen, Nedbergo og Breisnes er fjorden fortsatt den viktigaste ferdselsåra. Båtar trongst både til fersel og til frakting av dyr til beite og til støls, samt frakting av høy frå slåttemarkene. Dei såkalla føringsbåtane var store og nokre av nausta er bygde deretter. Naust og sjøbuer var ofte bygde i 1 ! etasje med eit loft som kunne nyttast til lagringsplass for høy, i første rekke frå uteslåttane lang fjorden. Naust og sjøbuer er bygde av lafteverk, naturstein eller bindingsverk. Slike bygningar i grindverk er ikkje registrert i Verdsarvområdet.8

7.7 Tettstad- og grendamiljø
Innanfor Nærøyfjorden verdsarvområde er det to område som tilhøyrer denne kategorien. Tettstadane Undredal og Gudvangen er bygt opp kring to ulike næringsgrunnlag. I Undredal har livsgrunnlaget fram gjennom tida i det vesentleg vore jordbruk, medan turisttrafikken har gjeve grunnlag for tettstaden Gudvangen.

7.8 Sag- og skogsbruk
Det har i tidlegare tider vore fleire sagbruk innanfor verdsarvområdet. Drift av sagene var basert på vasskraft. Det var sag på Fronnes, i Nordheimsdalen, i Dyrdal og ved sagelvi i Nærøyfjorden. Då det seinare vart tilgong på elektrisk kraft vart det etablert sag på Vangen (kring 1930) og seinare på Breisnes.

7.9 Kraftverk

På 1920- og 30-talet vart det bygt fleire småkraftverk rundt i bygdene i Aurland, m.a. i Undredal (1931) og Dyrdal (1925). Innanfor Verdsarvområdet er det kun kraftverket i Dyrdal som står.

8. Byggjeskikk og byggjeteknikk

Ein stor del av bygningane i verdsarvområdet er enkle hus – bygningar som i form og materialbruk understrekar staden, naturen og klimaet. Det er i svært stor grad nytta materialar som er henta frå lokalmiljøet og tilverka på staden. Bygningane representerer såleis det mange vil kalle ”god byggjeskikk”.

Bygningane som er medtekne i restaureringsplanen er hovudsakleg bygningar som er bygde på 1800-talet. Det er svært få bygningar med opphaveleg form som er frå 1700-talet innanfor verdsarvområdet. Unntak frå dette er dei gamle bygningane på Sivlesøy, eldhuset på gbnr. 65/1 på Bakka og kanskje stabburet på gbnr. 67/3 i Dyrdal. Andre bygningar frå 1700-talet er til-/påbygde og ombygde slik at berre deler av bygningane er frå denne perioden. Dette gjeld m.a. Lensmannstova i Undredal (gbnr. 51/1), våningshusa på gbnr. 65/4 og 65/5 på Bakka, Tingstova i Gudvangen og våningshuset på gbnr. 59/5 på Ramsøy.

Dei eldste våningshusa i området er i store trekk bygt med enkel utforming – små og knappe takutstikk, enkelt eller lite profilert listverk og vindauge og dører med klassisistisk preg. På slutten av 1800-talet kom sveitserstilen og i ein periode fram mot om lag 1920 vart det oppført ein del bygningar med denne stilarten med store takutstikk, krysspostvindauge og breie profilerte dør- og vindaugsslister. Vikingvang hotell i Gudvangen, våningshusa på gbnr. 51/27, 51/43 og 51/55 i Undredal er tidstypiske og opphavelege døme på denne stilarten.

Etter denne perioden kom det ein reaksjon på sveitserstilen. Den vart sett på som unasjonal, og det vart henta fram førebilete frå eldre norsk byggeskikk. Stilen vart kalla nyklassisisme og bygningane vart då oppført med enklare utforming og detaljering.

I mellomkrigstida kom funksjonalismen inn i arkitekturen. Karakteristisk er den kvadratiske bygningskroppen, ofte med valma tak og hjørnevindauge. Husa vart no forma etter funksjon, behov og krav til luft og lys, og hadde ofte litt ekstra romhøgd i 1. etasje. Bustadhuset på gbnr. 60/9 på Skjerpi er eit typisk døme på husa som vart bygde i etterkrigstida med bakgrunn i funksjonalismen.

Byggjemåten på eldre bygningar i verdsarvområdet er dominert av lafteteknikken. Enklare bygningar som t.d. uteløer er bygde i bindingsverk, men også desse samt naust er ofte lafta. Naust er dessutan i fleire tilfeller bygt med ein kombinasjon av natursteinsmur og laft – t.d. Torsteinnaustet på Bakka og naustet på gbnr. 58/2 på Styvi. Grindverk er svært lite brukt i området og berre i større løer/driftsbygningar. Det er ikkje registrert naust eller utløer oppført i grindverk innanfor området.

Stølsbygningar/sel består som regel av to tilnærma kvadratiske rom på 3 – 4 m i kvar kant, der innselet (opphaldsrommet) er lafta og skotet oppført i bindingsverk. I skrått terreng er det ofte fjøs i kjellaren. Ellers kan fjøsrom vere tilbygt på eine langveggen.

Same byggjeprinsippet som i sela er også nytta i driftsbygningane. Fjøsromma er lafta og rom for reiskap og forlager er bygde i bindingsverk eller grindverk. I store trekk kan ein seie at rom med større krav til isolasjon og vern mot ver og vind vart lafta.

9. Grendvis oversikt over bygningar og bygningsmiljø

I det etterfølgjande er bygningar og bygningsmiljø ordna grendvis med prioritering innanfor kvar enkelt grend. Rekkefølgja er ordna etter gardsnummer.

Nærøyfjorden verdsarvområde (skravert). Sefrakregisterte bygningar og ruiner er markerte med trekantmerker.

9.1 Aurland og tilhøyrande stølar.

Aurlandsvangen og gardane på austsida av Aurlandsfjorden ligg utanfor Verdsarvområdet.

Frønningasagi på Vangen, gbnr. 9/21. Frønningasagi er bygt delvis ut i Aurlandsfjorden, og såleis delvis innafor Verdsarvområdet. Eigar av bygningen restaurerte i 2011- 2012 bolverket på bygningen med støtte frå Norsk kulturminnefond, Stiftelsen UNI og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Stølsområde tilhøyrande gardane i Aurland
Gardane Ty, Høydalen, Kvam, Gjerlå, Vinjane, Onstad og Lie har utmarksslåttar og stølar som ligg innanfor Verdsarvområdet på vestsida av Aurlandsfjorden. Av uteløene er det kun ruiner att, med unntak av uteløa til Gjerlå.
Høydøla, Håvasete, Lintu, Vetlestølen, Torrisstølen, Soleifletene, og dessutan Kamben, Holten og Rudningen. Dei sistnemnde ligg i eit område med særs lite ferdsel ovanfor Flenes. På alle desse stølane står det framleis bygningar – i varierande tilstand. Bygningane vert berre brukt i samband med jakt.
Det er ikkje foreteke synfaring og vurdering av bygningane på stølane i dette området. Magnus Wammen utarbeidde i 2010 tilstandsanalyse av selet ved Høydøla. Selet vart deretter istandsett.

Kamben og Holten

Gbnr. 2/1 Kamben. Løe.
Foto: Kristoffer Ullern Hansen

Gbnr. 3/1. Holten. Løe.
Foto: Kristoffer Ullern Hansen

Lintu

Murselet til gbnr. 30/3 er pålagt bølgeblikktak.

Selet til gbnr. 30/4. Berre murane står att. Det same gjeld selet til gbnr. 30/1.
Foto: Marianne Holme

Håvasete

Murselet til gbnr. 30/1 (i framgrunnen) er pålagt bølgeblikktak.
Foto: Svein Ulvund

Selet til gbnr. 30/4. Berre murane står att.
Foto: Marianne Holme

Soleifletene

Soleifletene
Foto: Kristoffer Ullern Hansen

Gbnr. 8/1 og 30/3. Mursel – er utan tak.
Foto: Kristoffer Ullern Hansen.

9.2 Flåm

Flåm har ikkje bygningar innanfor Verdsarvområdet med unntak av stølsbygniungar på stølane Øyane, Ljoren, Ljosdalen, Vassete og Tyrva.
Det er ikkje foreteke synfaring og vurdering av bygningar på Ljoren, Ljosdalen og Tyrva.

Øyane

Gnr. 38 Øyane - 6 Sefrak-registrerte bygningar.
Øyane er mellom dei stølsgrendene der bygningane er best ivaretekne. Men også her treng enkelte bygningar opprusting og vedlikehald, for å ivareta heilskapen i området.

Selet til gbnr. 38/10. Moldstein-selet.

Selet til gbnr. 38/3. Reine-selet.

Selet til gbnr. 38/13.

Ljoren

Gnr. 38 Ljoren – 1 Sefrak-registrert bygning (selet i naturstein).
Foto: Snædis Laufey Bjarnadóttir

Selet til gbnr. 38/13.
Mur-selet på Ljoren manglar tak og murane er til nedfalls.
Foto: Snædis Laufey Bjarnadóttir

Vassete

Gnr. 38 Vassete – 2 Sefrak-registrert bygningar.
Selet til bnr. 38/1. Heimdal-selet. Ombygt 2002.
Selet til bnr. 38/2. Framigard-selet. Nytt sel bygt 1982 på murane etter murselet.

Tyrva

Gbnr. 48 Tyrva. 2 Sefrak-registrerte bygningar i naturstein.
Tidlegare geitefjøs og mjølebu. Bygningane er istandsette og pålagde torvtak, til bruk som hytter. Foto: Kristoffer Ullern Hansen.

Verneverdi/ prioritering av bygningar på stølar i Flåm.

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Moldstein-selet, gbnr. 38/10.		Miljø-verdi	Bruksverdi	1.
Reine-selet, gbnr. 38/3		Miljø-verdi	Bruksverdi	2.
Selet til gbnr. 38/10.		Miljø-verdi	Bruksverdi	3.

9.3 Undredal m/Hjøllo og Stokko

Undredal er eit særprega tettstadsmilø, der kvar einskild bygning er viktig for heilskapen. Det kan vere nærliggande å kategoriser Undredal som landsby, der det ikkje er noko skarpt skilje mellom gardstun og anna busetnad. Tettstaden var tidlegare busett av husmenn med jord og husmenn utan jord (strandsitjarar). Slåttemark og beiteområde låg ofte eit stykke frå bustaden. Nokre hadde eigne løer/fjøs, f.eks. Tørrisløa, medan andre hadde dyr i kjellaren på bustadhuset, for eksempel på Nausthaugen, bnr.51/59 og Edling-Hans-stova, bnr. 51/116.
I seinare tid har bebuarane hatt arbeid utanfor bygda. Mange har vore vekependlarar og har hatt arbeidd på jernbanen. No er mange av husa fritidshus.

Gardsmiljø

Kart over klyngetunet i Undredal 1900, før utskiftinga i 1902-03. Ståande bygningar frå før 1900 er markerte med tjukk strek. Undredalsstova som no står på Sogn Folkemuséum ligg midt i biletet. Lensmannstova (1B) står lengst til høgre.
Dei fleste låve-/fjøsbygningane låg sør-vest for klynga med våningshus og stabbur, men 2-3 bruk hadde låve-/fjøsbygningar bakanfor (nord-vest) for våningshusa. Innimellom våningshusa låg stabbur og eldhus. Ved utskiftinga måtte fleire brukarar flytte alle husa sine bort frå klyngetunet. Nokre vart flytta, nokre vart oppattbygde delvis med gjenbruk av materialar og nokre vart nedrivne utan å verte oppattsette. Det siste ser ut til å vere tilfelle med stabbur, eldhus, smier og kvernar, då det knapt nok finst slike bygningar i Undredal i dag.

Gbnr. 51/1 Lensmannsstova. Embetsmannshus og våningshus på bnr. 1. Opphaveleg to stover som vart bygt saman. Stova mot sør-vest vart kalla Nystova. Ho er svært solid med åtte stokkar av rundtømmer i høgda. Den eldste av stovene vart truleg bygt kring 1720 då brukaren her flytte ut frå huset til bnr. 17 -19. Det var arrestrom på oppsida av huset. Under krigen vart huset påbygt i høgda.

Gbnr. 51/18 Hansalåni. Ein av dei få bygningane som står att frå det tidlegare klyngetunet i Undredal.

Viktig referansebygning frå tida før utskiftninga.

Sterkt angripen av husbukk. Bør så langt som råd er takast vare på slik den er.

Våningshuset på gbnr. 51/27. Nigarden. Bygt like etter 1900. Våningshuset er nemnt i kulturminneplanen for Aurland kommune, som tidstypisk og opphaveleg døme på sveiterstilen. Tilbygt og istandsett.

Våningshus på gbnr. 51/43 Simo-garden. Bygt like etter 1900. Våningshuset er nemnt i kulturminneplanen for Aurland kommune, som tidstypisk og opphaveleg døme på sveiterstilen.

Gbnr. 51/43b Simo-løa. Bygt rett etter 1900, då bruket vart frådelt frå bnr. 22. Karakterisktisk løebygning frå si tid. Nemnt i kulturminneplanen.

Bygningen har omfattande råte- og husbukk angrep, særleg på nord-aust-sida.

Gbnr. 51/32 Løa i Pettergarden, bygt 1898 (før utskifinga). Flytta ved utskiftinga.

Gbnr. 51/86. Oppigardsløa.

Gbnr. 51/20 Utigardsløa (1900 – 1925).

Naustmiljø

Gbnr. 50/2 Hjødlanaustet. Taket bør skiftast. Bakmuren treng oppretting.

Strandsitjarmiljø/husmannsplassar

Det største husmanns- og strandsitjarmiljøet i Verdsarvområdet finn ein i Undredal.

I 1845 var det 31 husmenn i Undredal. 26 av desse var husmenn med jord, fem av husmennene var utan jord. Siste gruppa vart kalla strandsitjarar. Dei dreiv gjerne med litt fiske og handverk, i tillegg til å arbeide for bøndene.

I 1865 var talet på husmenn 22. Desse hadde til saman 29 kyr og 93 sauer og geiter. Fôr til dyra måtte husmennene gjerne skaffe frå stadar der bøndene ikkje ville slå, i bratt og ulendt terreng og høgt oppe i liane. Dei ferraste hadde eigne fjøs, og kjellarane i bustadhusa vart ofte nytta til rom for dyra. Dette var m.a. tilfelle på Nausthaugen (bnr. 59), sjølv om dei hadde uthus til kyrne.

I Undredal sentrum står det framleis ei løe – Torrisløa. Løa er flytt frå Onstad. Kristen Ohnstad var husmann på bnr. 16. Han kjøpte kring 1900 bnr. 51/2 som m.a. omfattar jord på Stokko.

Kart over Undredal sentrum 1900. Ståande bygningar frå før 1900 er markerte med tjukk strek. Bygningane kan vere utvida eller ombygde.

Utover på 1900-talet fekk husmenn og strandsitjarar i Undredal frådelt sjølveigande tomter.

Det er først og fremst bygningane som del av eit miljø som gjer Undredal til ein særmerkt og heilskapleg tettstad. I kulturminneplanen for Aurland er busetnaden vurdert i vernekategori C. Dei fleste bustadhusa i Undredal er i bra stand, men mange driftsbygningar treng omfattande vedlikehald, då dei ikkje har vore i ordinær bruk dei siste åra. Sistnemnde vil likevel kunne ha potensiale for ny bruk – servering-og overnattingslokale, galleri og utstillingslokale, småskala produksjonslokale, etc.

Heile det gamle tettstadsområdet aust for kyrkja er regulert til spesialområde/bygnings- og landskapsvern.

SEFRAK-registrerte bygningar i Undredal

Gbnr. 51/41 Tørris-løa. (1825 – 1850).

Flytt frå Ohnstad.

Eksempel på at våningshus og driftsbygning låg i sentrum, medan slåttemarka låg andre stadar – i dette tilfellet på Stokko.

Bygningen har omfattande angrep av husbukk. Det bør foretakast ei restaureringsfagleg tilstandsanalyse av bygningen for å vurdere om restaurering vil vere føremålstenleg.

Gbnr. 51/116 Edling-Hans-stova.

Huset har truleg fått si noverande form tidleg på 1800-talet. Dei 8 nederste stokkane i laftekassen er merkte og er såleis truleg frå ein tidlegare bygning som er flytta hit. Denne bygningen ser ut til å ha hatt ei døropning direkte inn i stova (der peisen står), då det er innfelt stokkar der. Det har vore rom for dyr i kjellaren og for høy i tilbygget mot nord. Dette er ein bygningstype det i dag byrjar å bli få att av. Bygningen var i bruk som bustadhus fram til sommaren 1973.

Bygningen er eitt av dei eldste bustadhusa i Undredal og har behalde form og materielbruk den fekk ved oppføringa tidleg på 1800-talet. Den har såleis ein høg grad av autentisitet i både interiør og eksteriør. Stova er sentralt plassert i eit av dei særskild viktige bygningsmiljøa innanfor verdsarvområdet. Bygningen ligg i eit område som er regulert til spesialområde – bygnings- og landskapsvern, og er viktig for heilskapen i bygningsmiljøet.

Bygningen er tildelt tilskot frå Kulturminnefondet for 2014 og tilskot til kulturminne på verdsarvlista.

Gbnr. 51/59a Sylfest-Marie-stova. Nausthaugen. 1875 – 1900. Påbygt 1929

Gbnr. 51/59b Sylfest-Ola-stova. 1921. Nausthaugen. Kjellaren vart tidlegare nytta til fjøs.

Gbnr. 51/117 Uthus på Nausthaugen. Slåttemarka var på Nedbergo.

Gbnr. 51/72. Edlend-stova. 1800-talet. Skal vere flytta frå Kappadal. Godt vedlikehalden.

Gbnr. 51/55 Mann-Bella-stova. Ca. 1910. Eksempel på enkel sveitserstil. Medteken i kulturminneplanen for Aurland. Godt vedlikehalde. Fast busetnad.

Gbnr. 51/93. Dukanestova. Før 1900. Fast busetnad. Godt vedlikehalden.

Gbnr. 51/91. Solhov. Bygt 1939. Bygt på tomta til tobakkshuset. Ligg innanfor spesialområdet, og er viktig for heilskapen. Treng utvendig vedlikehald.

GBnr. 51/70. Bakken. Representant for byggjeskikken på 1950 – 1960-talet.

Offentlege bygningar og forsamlingshus

Gbnr. 51/95 Brannstasjon
Særmerkt bygning i mur med bølgeblikktak. Avspeglar brannberedskapen i tida då Undredal var ei veglaus grend.

Gbnr. 51/64. Ungdomshuset i Undredal. Bygt 1926. Godt vedlikehalde.

Bygningar i utmark

Stokko
Stokko ligg inne i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er såleis viktig å ivareta bygningane her for dokumentasjon av tidlegare bruk og heilskapen i kulturlandskapet.

Gbnr. 52/2 Naust/uthus på Stokko. Potensiell bruk i samband med kajakkpadling.

Gbnr. 52/2 Uthus/løe på Stokko. 1800-talet. Bygningen ligg delvis nedsenka i terrenget, i eit naturleg søkk. Saman men naust/uthus viktig for dokumentasjon av tidlegare bruk av området.

Høyløe på Stokko. Viktig dokumentasjon for tidlegare bruk av slåttemark på Stokko.

Stølsmiløe

Melhus

Gnr. 51 Melhus - 10 Sefrak-registrerte bygningar.

Selet til gbnr. 51/43.

Selet til gbnr. 51/19

Høyløe til gbnr. 51/19

Mjølkebu

Langhuso

Gnr. 51 Langhuso - 6 Sefrak-registrerte bygningar.

Mjølkebu til gbnr. 51/15. Sjelden variant oppført i naturstein og nedsenka i terrenget.

Selet til gbnr. 51/19. 1800-talet

Selet til gbnr. 51/57.

Hovdungo

Gnr. 51 Hovdungo - 2 Sefrak-registrerte bygningar.

Prioitering av Hovdungo vil vere avhengig av status for turvegen frå Undredal via Hovdungo til Stigen.

Selet til gbnr. 52/5.

Selet til gbnr. 51/19. Særprega bygning med innsel i mur og skot i bindingsverk. Istandsett 2013.

Verneverdi/ prioritering for bygningar i Undredal med tilhøyrande stølar

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Edling-Hans-stova, bnr. 51/116	Bygningshistorisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	1.
Lensmannsstova, gbnr. 51/1	Historisk verdi	Identitets- og miljøverdi	Bruksverdi	2.
Tørrisløa, gbnr. 51/41	Historisk verdi	Identitets- og miljøverdi		3.
Uthus på Nausthaugen, gbnr. 51/117	Historisk verdi	Forekomstverdi Miljøverdi		4.
Sylfest-Marie-stova og Sylfest-Ola-stova, gbnr. 51/59	Bygningshistorisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	5.
Naust/uthus på Stokko	Næringshistorisk verdi		Bruksverdi	6.
Uthus/løe på Stokko	Næringshistorisk verdi	Forekomstverdi		7.
Mjølkebu til gbnr. 51/15 på Langhuso	Historisk verdi	Forekomstverdi		8.
Hjødlanaustet, gbnr. 50/2		Forekomstverdi	Bruksverdi	9.

Løa i Pettergarden, gbnr. 51/32		Miljøverdi	Bruksverdi	10.
Selet til gbnr. 51/19 på Langhuso	Historisk verdi. Stor grad av autentisitet	Miljøverdi		11.
Selet til gbnr. 51/43 på Melhus	Historisk verdi	Miljøverdi		12.
Selet til gbnr. 51/57 på Langhuso	Historisk verdi	Miljøverdi		13.
Selet til gbnr. 52/5 på Hovdungo		Miljøverdi	Bruksverdi	14.

9.4 Høgdegardane Stigen og Nedbergo

Gnr. 53 Stigen
Det er to gardsbruk på Stigen – Øvste Stigen og Nedste Stigen. Nedste Stigen er bebudd i sommarhalvåret i samband med gardsdrift og gardsturisme. Øvste Stigen er berre i bruk til fritidsføremål.
Tunet på Øvste Stigen har høg grad av autentisitet. Det er i 2014 oppstarta restaureringsarbeid på våningshuset. Eigaren ser for seg å restaurere alle bygningar i tunet. Planen er å nytte tunet i næringssamanheng – utleige og undervisning for elevar i grunnskulen.

Gbnr. 53/1 Øvste Stigen (synfaring ikkje foreteke).

Våningshus (1890 – 1900). Bygt av materialar hogen og skoren i Nordheimsdalen og boren opp til Stigen. Tildelt midlar frå Kulturminnefondet for 2014, tilskot til kulturminne på verdsarvlista, Stiftelsen UNI og Smil-midlar. Restaureringsarbeid utført i 2014 av Lunden Heiltre og stor innsats av dugnadsarbeid. Foto: Magnhild Aspevik

Låve (1923). Mykje av materialane er frå gamlestova og andre hus på garden. Foto: Magnhild Aspevik

Uthus m/straumaggregat.
Foto: Ottar Stegen

Gbnr. 53/2 Nedste Stigen (synfaring ikkje foreteke)

- Våningshus (litt etter 1900)
- Låve (før 1880) Riven. Oppattbygd som nybygg 2013.
- Eldhus

Stølar tilhøyrande Stigen
Fristølen og Åsen
Synfaring og vurdering er ikkje foreteke.

Gnr. 55 Nedbergo

Nedbergo. 7 Sefrak-registrerte bygningar

Gbnr. 55/1

- Våningshus (truleg frå 1700-talet)
- Låve (kring 1835)
- Stabbur (1825 – 1850, kanskje eldre)

Gbnr. 55/2
- Våningshus (kring 1835)
- Låve (kring 1835)
- Ostebu
- Saue- /geitefjøs (1800-talet)

Stabbur på gbnr. 55/1 og løe på gbnr. 55/2 har fått tildelt midlar til restaurering. Arbeidet vart oppstarta i 2012.

Stabbur på gbnr. 55/1

Løe på gbnr. 55/2

Ostebu på gbnr. 55/2.

Vassete

Vassete.

Fjellstølen til Nedbergo.

Tilhøyrde tidlegare Kappadalsgarden.

Gbnr. 55/1. Sel. Oppført 1943.

Tømra sel av solid tømmer frå Nordheimsdalen. Skot i bindingsverk.

Tømmerveggane er i god stand, men ein del av grunnmuren er utrasa. Det foreligg byggjeløyve for tilbygg (nytt skot).

Gbnr. 55/2. Sel

Selet er i dårleg stand, og vert berre nytta som lager. Eigaren har eit nyare sel på stølen.

Verneverdi/ prioritering av bygningar på høgdegardane Stigen og Nedbergo

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Ostebu på Nedbergo, gbnr. 55/2	Historisk verdi	Forekomstverdi		1.

Låve/driftsbygning på Øvre Stigen	Historisk verdi	Miljøverdi		2.
Uthus m/straum-aggregat på Øvre Stigen	Historisk verdi	Forekomstverdi		3.
Selet til gbnr. 55/1 på Vassete		Miljøverdi	Bruksverdi	4.

9.5 Breisnes m/Nordheimsdalen

Breisnes. Veglaust bruk ved fjorden. Bruket er fråflytta og vert berre nytta som feriestad om sommaren. Eit komplett gardsbruk med alle tilhøyrande bygningar, samt sagbruk – like ved strandkanten. Verdifullt kulturlandskap.

Gnr. 57 Breisnes

- Våningshus
- Driftsbygning
- Stabbur
- Ysteri/naust
- Sag

Våningshus på Breisnes

Driftsbygning

Stabbur

Sjøbu

Eldhus

Sag

Straumaggregat.

Stølsmiljø

Øygarden

Selet på Øygarden. I tilfredsstillande tilstand.

Nordheimsdalen
2 sel frå 1800-talet. Det eine selet vart sterkt øydelagt under Dagmar-stormen i 2011. Laftekassa var nokolunde intakt, men er demontert og sidan frakta bort frå stølen. Synfaring og vurdering er ikkje foreteke.

Kolaren

Selet i Kolarbotnen. Selet ligg i Aurland kommune, men er eigd av bruarar frå Frønningen. Synfaring og vurdering er ikkje foreteke. Foto: Snædís Laufey Bjarnadóttir

Tømmerdriftsanlegg
I samband med tømmerdrifta i Nordheimsdalen vart det i perioden 1916 - 1932 sett opp hytter for overnatting. Sjølve tømmeranlegget var sist i bruk i 1976. Store deler av det står enno, men er ikkje i brukbar stand.

Tømmerdriftsanlegget i Nordheimsdalen

Brendelihytta. Bygt 1932.

Stallen på Brendeli. Opprinneleg bygt som hytte på Hytteflaten i 1916, med stall i kjellaren. Flytta til Galden i 1926 og til Brendeli i 1932. Restaurert.

Almenningshytta ved fjorden. Bygd 1917. Restaurert.

9.6 Gnr. 58 Styvi

Gnr. 58 Styvi - 8 Sefrak-registrerte bygningar.
Styvi ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde, og gardstunet er såleis også omfatta av vernereglane.

Gbnr. 58/1

- Våningshus (1851). Også nytta som skule og postkontor.
- Stabbur (før 1850)
- Kårhus (1870?)

Gbnr. 58/2

- Våningshus (1850 - 1875)
- Kårhus (1800-talet)
- Stabbur (1850 – 1875)
- Låve/tobakkshus (1850 – 1875) Del av bygningen vart rive då ny driftsbygning vart oppsett i 1913.
- Låve (1913)
- Naust. Restaurert.

Styvi representerer eit komplett bygningsmiljø der dei fleste bygningane er godt vedlikehaldne. Våningshuset på bnr. 1 treng likevel ein del opprusting og vedlikehald av utvendig kledning.

Våningshuset på bnr. 58/1. Bygt 1851. Bygningen er eit høgreist og særprega bygg særs synleg frå fjorden. Stil og byggjemåte har inspirasjon frå Austlandet.

Stabbur på bnr. 58/1. Lafta bygning, bygt før 1850. Taket har tidlegare vore omtekt, men helletekkinga er noko knapp i gavlane, og det kan difor vere fare for lekkasjar.

Stabbur på bnr. 58/2. Bygt 1850 - 1875. I rimeleg god stand.

Naust på bnr. 58/2. Bygt 1850 - 1875. Restaurert.

Løa/tobakkshuset på bnr. 2. Bygningen er av lafta rundtømmer frå midten av 1800-talet. Den er viktig for heilskapen i tunet. Bygningen fekk store skader under stormen Dagmar i des. 2011.

Løa/tobakkshuset er no restaurert (2013).

Gnr. 58 Holmo - 2 Sefrak-registrerte bygningar.

Sommarfjøs til gbnr. 58/1. Fekk store skader under stormen Dagmar i des. 2011.

Bygningen er no restaurert (2013) med tilskot frå fylkeskommunen og Smil-midlar.

Sommarfjøsen til gbnr. 58/2. 1800-talet. Det bør foretakast ei restaureringsfagleg tilstandsanalyse av bygningen for å vurdere om restaurering vil vere føremålstenleg.

Uteløe på Klungrenes, Styvi, gbnr. 58/2. 1875-1900.
Dokumenterer tidlegare tiders drift med slåtteteigar langs fjorden. Godt synleg for forbipasserande.
Målsetjing: Ta vare på den slik den er lengst mogeleg. Veggare er stabiliserte med opplengjer og gjennomgåande skruboltar.

Verneverdi/ prioritering av bygningar på Styvi

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Våningshuset på gbnr. 58/1	Historisk verdi	Identitetsverdi Miljøverdi	Bruksverdi	1.
Stabbur på gbnr. 58/1	Historisk verdi	Forekomstverdi		2.
Sommarfjøsen til gbnr. 58/2	Næringshistorisk verdi	Forekomstverdi		3.

9.7 Gnr. 59 Ramsøy

Gnr. 59 Ramsøy, nord, 6 Sefrak-registrerte bygningar, alle meldepliktige etter KML, § 25.
Gbnr. 59/1

- Våningshus (1807). Halvlemstove. Mykje modernisert i seinare år.
- Låve (tidleg på 1800-talet eller eldre). Taket er restaurert (Smil-midlar). Noko husbukkangrep – særleg austveggen.
- Kårstove (opphaveleg stabbur og eldhus frå 1800-talet) Samanbygt og tilbygt.

Taket på låvebygningen er restaurert med tilskot frå Smil-midlar. Deler av yttervegen er angripen av husbukk, og reparasjon av denne bør vurderast nærmare.

Gbnr. 59/5

- Våningshus (eldste delen frå 1700-talet). Opphaveleg to mindre stover som vart bygt saman i 1930.
- Låve (1800-talet)

Bygningane er i god stand.

Gnr. 59 Ramsøy, sør, Skottilja. 5 Sefrak-registrerte bygningar.

Gbnr. 59/2

- Våningshus (1874)
- Låve (1907 – 1908)

- Eldhus/skykkje (1875 – 1900)

Våningshus på gbnr. 59/2 er eit fint døme på lokal byggjeskikk frå 1800-talet – klassisistisk/empirestil. Bygt av Anders Løne – som har bygt mange fine bygningar i Aurland. Bygningen har stått ubrukt i fleire år og har mykje forfall.

Låve på gbnr. 59/2. Låven har heller ikkje vore i bruk på fleire år og er i forfall.

Eldhus på gbnr. 59/2.

Gbnr. 59/3

- Våningshus
- Driftsbygning

Våningshus på gbnr. 59/3 er samansett av to eldre bygningar. Den nord-austre delen av bygningen er flytt frå Ramsøy etter utskiftinga, den sør-vestre frå Bakka (Nilsa-Marta-huset) tilbygt kring 1930. Tømmerveggane er i dag innkledde.

Driftsbygniung på gbnr. 59/3.
1800-talet. Flytt frå Ramsøy ved utskiftinga.

Uteløe på Ramsøy, gbnr. 59/3. Står på Ramsøy nord.

Naust

Naust på gbnr. 59/1 Ramsøy sør. Bygt 1908. Sterkt angripe av husbukk. Restaurering er vanskeleg p.gr.a. omfattande utskiting av treverk. Bør takast vare på slik det står.

Naust på gbnr. 59/2 Ramsøy nord (Skottilja). 1800-talet. Dokumentasjon for tidlegare strandline. I rimeleg god stand.

Verneverdi/ prioritering for Ramsøy.

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Uteløe på Ramsøy, gbnr. 59/3		Miljøverdi	Bruksverdi	1.
Våningshuset på gbnr. 59/2	Bygningshistorisk verdi		Bruksverdi	2.
Driftsbygning på gbnr. 59/1	Bygningshistorisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	3.
Driftsbygning på gbnr. 59/2		Miljøverdi	Bruksverdi	4.
Eldhus på gbnr. 59/2	Historisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	5.

9.8 Skjerpi, Hylland, Hemri og Gudvangen gard

Gbnr. 60 Skjerpi

Gbnr. 60/13. Våningshus

Vedskjul. Istandsett i 2013.

Gbnr. 60/13

- Våningshus (kring 1890). Flytt hit frå Hemri i 1934.
- Låve (1934)
- Vedskjul. Spesiell tilpassing til tomt og bygningsmiljø.

Eigaren har fått tildelt støtte frå tilskotsmidlar til kulturminne på verdsarvlista til restaurering av bygningane. Restaureringsarbeidet er no fullført.
Bygningane er med og vitnar om ei historie frå den skredutsette Nærøydalen.

Gbnr. 60/9 Bustadhus. Tidstypisk og stilreint hus frå 1950-talet med funksjonalistisk preg. I tilfredsstillande tilstand.

Gnr. 61 Hylland

Hylland - fin lita grend ved Nærøydalselva halvveges oppe i Nærøydalen.
7 Sefrak-registrerte bygningar. Dei fleste husa er i god stand med unntak av stabbur og eldhus. Foto: Margunn Hylland

Våningshus på gbnr. 61/2

Stabbur på gbnr. 61/2. Stor grad av autentisitet.

Eldhus på gbnr. 61/2. Stor grad av autentisitet.

Reiskapshus på gbnr. 61/2. Spesiell bygning innbygt i ei fjellkløft, der fjellet utgjer to av veggane.

Gbnr. 61/2

- Våningshus. Eldste delen flytt frå Hegg i Raundalen og påbygt på 1870-talet . Påbygt på 1970-talet.
- Stabbur (1920-talet). Lafta bygning.
- Eldhus (1920-talet). Oppført i natursteinsmur og bindingsverk.
- Reiskapshus. Innbygt i fjellkløft. Istandsett på 1990-talet

Gnr. 62 Hemri

Garden Hemri ligg på nordsida av Nærøydalselva og E16. Bygningane på garden vart flytta til Skjerpi (gbnr. 60/13) etter eit steinskred i 1934. Grunnmurane står att, samt eit lite kårhus.

Gbnr. 62/1 Hemri. Kårhus.
Kårhuset er tilbygt på nordsida og med ein stor veranda på sørsida.

Gnr. 64 Gudvangen gard

Gbnr. 64/1
Bnr. 1 i Gudvangen vart tidlegare drive som gardbruk og tunet er framleis komplett med våningshus og tilhøyrande uthus. Gardsdrifta vart nedlagd for fleire år sidan. Bruket vert nytta som campingplass. Gudvangen Camping starta opp drift i 1964.

- Våningshus (1907) Sveitsarstil.
- Låve
- Sauehus
- Bu. Ombygt for overnatting.
- Mikkelstova. Kårhus. Slutten av 1800-talet.
- Campinghytter. Eldste type frå 1964.

Driftsbygning på gbnr. 64/1.

Våningshus på gbnr. 64/1. Autentisk bygning frå først på 1900-talet. Bygt 1907.
Etter overtakinga har eigaren gjort ein stor innsats for å setje huset i stand. Istandsett 2011/2012.

Bua. Tidlegare nytta til ulike sysler på garden, m.a. til baking. Alderen er ikkje kjend. Bygningen er i dag innreia med utleigerom.

Mikkelstova, gbnr. 64/35. Slutten av 1800-talet. Kårhus, no nytta til utleige.

Campinghytte frå 1964, frå starten av campingdrifta.

Vernemur mot fonnvind. Ein av svært få vernemurar mot fonnvind i Sogn og Fjordane. Eit sauefjøs er bygt inntil muren slik at den dannar eine vegen i bygningen. Det er gjeve tilskot til restaurering av vernemuren frå ordninga med tilskot til kulturminne på verdsarvlista.

Verneverdi/ prioritering for Nærøydalen (Aurland kommune).

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Driftsbygning på gbnr. 64/1		Miljøverdi	Bruksverdi	1.
Stabbur og eldhus på Hylland, gbnr. 61/2	Bygningshistorisk verdi	Forekomstverdi		2.
Bua på gbnr. 64/1		Miljøverdi	Bruksverdi	3.
Mikkelstova på gbnr. 64/1		Miljøverdi	Bruksverdi	4.

Campinghytte frå 1964 på Gudvangen Camping	Næringshistorisk verdi	Forekomstverdi	Bruksverdi	5.

9. 9 Gudvangen tettstad (Fet)

Tidleg på 1800-talet flytta gjestgjevaren på Arnehus to gamle stover frå Arnehus inntil Gudvangen. Det var starten på oppbygging av Gudvangen som turiststad. Frå før var det berre eit par husmannsplassar nede ved fjorden. Gardane låg lenger oppe.
I 1840-åra vart det sett i gang opparbeiding av kjerreveg opp det bratte partiet i Stalheimskleiva. Dette sette fart i handel og ferdsle i Gudvangen. Kring 1850 var det to handels- og overnattingsstadar i Gudvangen. Utover på 1800-talet auka turisttrafikken, og det vart oppsett fleire nye og store hus, og overnattingskapasiteten vart utvida, særleg kring 1880 då Hellands hotell (Vikingvang) vart bygt, og skyss-stasjonen vart påbygt og teke i bruk som hotell i 1895 (Hansons hotell, seinare Gudvangen Hotell). Ei tid etter at Fylkesbåtane vart skipa (1858) vart det bygt dampskipskai i Gudvangen. Etter kvart vart det trong for fleire folk, både ved hotella, dampskipsekspedisjonen, skyss-stasjonen og landhandel. I 1900 budde det 63 menneske i området nede ved kaien.

I gjeldane reguleringsplan for Gudvangen sentrum (vedteken 20.06.2013) er heile den gamle bebyggelsen på begge sider av hovudgata regulert til vern av kulturmiljø.

For alle bygningar eldre enn 1940, innanfor område BF1 og BF2, er det ikkje tillate å rive, byggje om, eller skifte ut orginal kledning, vindauge eller andre utvendige detaljar, utan at regionale kulturminneforvaltning har fått høve til å uttale seg i saka.
I kulturminneplanen for Aurland kommune er Vikingvang hotell sett i vernekategori B.
Resten av bygningane i Gudvangen sentrum er sette i vernekategori C.

Gbnr. 64/2 Lassestova (bygt før 1900). Opphaveleg lita stove av rundtømmer.

Gbnr. 64/3a Tingstova (1700 – 1725, to hus samanbygd kring 1880). Stovene vart flytta frå Arnehus (ved Dyrdal) like etter 1800. Har vore nytta som tingstover, serverings- og overnattingsstad og butikk, no bustad for hotellpersonale. Er i god stand.

Gbnr. 64/3. Suvenirbutikk. Stod opphaveleg i Stalheimskleiva. Flytt til Fet like før 1940.

Gbnr. 64/10 Tinesstova (1850-1900).

Gbnr. 64/13 Pakkhuset (kring 1900)

Gbnr. 64/14. Gudvangen Hotell. Tidlegare skysstasjon. Påbygt og teke i bruk til hotell kring 1895 – "Hansons hotell". Brukt av tyskarane under krigen. Flytt lenger frå vegen og påbygt i høgda på 1950-talet.

Gbnr. 64/17 Nils-Ola-stova. Tidlegare husmanns-stove flytta frå Borgastrondi. Eigar: Statens vegvesen.

Gbnr. 64/22 Husmannsstove (1800-talet). Ein del forfall. Truleg naudsynt med strakstiltak.

Gbnr. 64/22 Driftsbygning.

Gbnr. 64/24 Store-Knut-stova (kring 1895).

Gbnr. 64/28 Vikingvang hotell (bygt kring 1880). Tidlegare Hellands Hotell. Dette er det best bevarte hotellet i sveitserstil i kommunen og er sett i vernekategori B i Kulturminneplanen for Aurland kommune. Bygningen vert no brukt som privat bustad.

I tettstaden Gudvangen er det først og fremst miljøet som er viktig å ta vare på. Bygningsmiljøet har stor historisk verdi som dokumentasjon for utviklinga av turistferdsla frå midten av 1800-talet og fram til i dag. Dei fleste av bygningane langs gata er såleis viktige å ta vare på.

Verneverdi/ prioritering for Gudvangen tettstad (Fet)

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Vikingvang – tidl. Hellands Hotell	Historisk verdi	Identitetsverdi Miljøverdi	Bruksverdi	1.
Bustadhus på gbnr. 64/22	Historisk verdi	Miljøverdi		2.

9.10 Bakka og Tufto

Gnr. 65 Bakka

Bakka.
Bakka er ei grend som i hovudsak består av 3 gardsbruk – Torsteingarden, Borgagarden og Sagagarden/Feiosgarden. Gardstuna består av fleire einskildbygningar – bustadhus, fjøs/løe, stabbur, eldhus – litt varierande på dei ulike bruka.
Grenda har 23 Sefrak-registrerte bygningar. Fleire av bygningane er regulert til vern av kulturminne.

Bakka år 1896.
Utskiftningskart.

Ståande bygningar er markerte med tjukk strek.

Reguleringsplan for Bakka/Tufto. Utsnitt av Bakka.
Bakka kyrkje, Torstein-naustet, Torstein-låni, eldhus og stabbur på bnr. 65/1, våningshuset på bnr. 65/2, bygningane i Borgaviki og bygningane på bnr. 65/4 og 65/5 (Sagagarden) er regulerte til vern av kulturmiljø.

Gbnr. 65/1 Torsteingarden
På Torsteingarden ligg husa med litt avstand. Årsaka kan vere brannen i 1858, då bustadhuset brann.

- Våningshus (like etter 1858)
- Kårhus (1850 – 1875)
- Driftsbygning (1800 – 1850)
- Stall/grisefjøs
- Stabbur (1800 – 1825)
- Eldhus (1700-talet)
- Naust (1800-talet).

Eldhuset på gbnr. 65/1. 1700-talet. Sterkt angripe av husbukk.

Stabburet på gbnr. 65/1. 1800-1825

Driftsbygningen på gbnr. 65/1. 1800-1850.
Taket vart restaurert i 2011.

Gbnr. 65/2 Borgagarden. (Namn etter det ein meinar skal ha vore ei borg - ei bygdeborg - ovanfor og vest for tunet).

Våningshus på Borgagarden, gbnr. 65/2. Bygt 1850 – 1870. Tilbygt i 1990. Fint eksemål på bygg i klassisistisk stil.

Eldhus på Borgagarden. Bygt 1925 – 1950.

Gbnr. 65/5 Sagagarden. (Namnet er etter Anders Dyrdal som kom til bruket kring 1890 frå Dyrdal, der dei dreiv sagbruk).
Tunet på bnr. 5 er det mest kompakte. Bygningane ligg nesten vegg i vegg.

- Våningshus (Eldste delen truleg frå 1700-talet) Klassisistisk/empirestil.
- Fjøs (eldste delen frå 1800-talet)
- Låve/geitefjøs (1800 – 1825)
- Stabbur
- Eldhus.

Våningshuset på gbnr. 65/5. Eldste delen truleg frå 1700-talet. Fekk truleg si noverande form kring 1800.

Låve/geitafjøs på gbnr. 65/5. Lafta bygning frå 1800-1825, tekt med store skiferheller.

Borgastrondi

På Borgastrondi har husmannsplassane lege på rekke. Tre naust som har tilhøyrt husmennene står enno – Nils-Ola-naustet, Nilsa-Marta-naustet og Kløva-naustet. Kløvastova er einast bustadhuset som står, likeeins tilhøyrande løe og eldhus til denne plassen, som såleis må tilseiast å vere komplett. Nils-Ola-stova vart flytta til Gudvangen (gbnr. 64/17) i 1939, berre murane står att. Nilsa-Marta-stova vart flytt til Ramsøy (Skottilja, bnr. 59/3) kring 1930. På murane etter Nilsa-Marta-stova er det bygt ein fritidsbustad.
Borgastrondi har høg prioritet. Området er regulert til vern av kulturmiljø.

Borgastrondi på Bakka, under gbnr. 65/2.

- Borganaustet, 1800 – 1825. Flytt til noverande tomt i 1894 – 1896, frå området ved Bakkakaien.
- Kløvastova, kring 1900. Påbygt 1924.
- Uthus/løe, kring 1900.
- Eldhus, 1800-talet.
- Kløvanaustet, kring 1900.
- Nilsa-Marta-naustet, 1800-talet. Restaurert 2009.
- Nils-Ola-naustet, 1890 – 1900. Nytt tak på 1990-talet

Gbnr. 65/2j Kløvanaustet. Kring 1900. Tilhøyrer ein komplett husmannsplass med bustadhus, løe, eldhus og naust. I reguleringsplanen er det gjeve høve til flytting av naustet nærmare fjorden.

Uthus. Kring 1900.

Eldhus. 1800-talet.

Tufto

På Tufto dannar bustadhus, driftsbygning, eldhus og Tobakkshuset eit tun. Ellers ligg bygningane meir spreidd. Oppe i skråninga ligg ein husmannsplass – Flætastova m/uthus. Sør for kaia ligg bnr. 66/2 – ein annan husmannsplass m/bustadhus, ei hytte (på murane av eit tidlegare eldhus) og ei hytte som er under oppføring på tomta til eit uthus som vart rive i 2010. Nord for kaia ligg eit eldre naust og eit eldre bustadhus – Gamlestova (truleg flytta).



Reguleringsplan for Bakka/Tufto. Utsnitt av Tufto.
Tobakkshus, eldhus og naust på bnr. 66/1, Flætatova m/uthus, samt bustadhuset på bnr. 66/2 er regulert til vern av kulturmiljø.

Gbnr. 66/1

- Våningshus (1925). Sveiserstil.
- Driftsbygning
- Eldhus (1800-talet)
- Tobakkshus (Truleg bygt i 1880-åra).
- Revegard. Best bevarte revegarden innanfor verdsarvområdet.
- ”Gamlestova”. Sjøbu (1850 – 1875). Tidl. bustadhus.
- Naust (1800-talet). Flytt frå Styvi.
- Flæta-stova m/uthus.

Gbnr. 66/2

- Bustadhus/fritidshus (1800-talet). Stova forlenga i 1938-39.

Tobakkshuset på gbnr. 66/1. Truleg bygt i 1880-åra. Største og best bevarte tobakkshuset innanfor verdsarvområdet. Det var fleire tobakkshus i bygdene kring Nærøyfjorden, m.a. på Styvi og i Dyrdal. Største tobakkshuset var i Undredal. Tobakksdyrkinga tok slutt i 1920-åra.

Revegard på Tufto. Best bevarte revegarden i Verdsarvområdet. Det står også ein i Undredal, men denne er til nedfals.

Flætastova på Tufto, under gbnr. 66/1. Husmannsstove, bygt 1875-1900. Plassen har ikkje vore bebudd sidan 1950-talet. Det er heller ikkje gjort endringar på bygningane sidane den gongen. Det er gjeve løyve til ombygging og eit mindre tilbygg på baksida av bustadhuset. Etter planen skal øvrige fasadar behaldast. Bustadhuset er ei typisk husmannsstove.

Naust på Tufto. 1800-talet. Flytta frå Styvi. Sterkt angripe av husbukk. Vanskeleg å restaurere.

Verneverdi/ prioritering av bygningar på Bakka/Tufto

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Våningshuset på gbnr. 65/5	Historisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	1.
”Kløvatunet” på Borgastrondi	Historisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	2.
Tobakkshuset på Tufto	Historisk verdi	Forekomstverdi		3.
Flætastova på Tufto	Sosialhistorisk verdi		Bruksverdi	4.
Eldhuset på gbnr. 65/1	Historisk verdi	Miljøverdi		5.
Låve/geitafjøs på gbnr. 65/5	Historisk verdi	Miljøverdi		6.
Revegarden på Tufto		Forekomstverdi		7.
Eldhuset på Borgagarden, gbnr. 65/2		Miljøverdi	Bruksverdi	8.

9.11 Dyrdal og Drægo

Gardsmiljø

I Dyrdal er klyngetunet framleis intakt.

Tunet ligg langs fremre kanten av eit platå 40 – 50 m over fjorden. Her ligg husa fritt og fint med god utsikt over Nærøyfjorden og i god avstand til dei rasutsette liane bakom jordene.

I 1820 var det brann i tunet i Dyrdal. Alle husa i tunet brann ned med unntak av eit stabbur i Framigarden.

Stabburet på bnr. 3 er såleis einaste bygningen i tunet frå før 1820. Tunet fekk si noverande form ved bruksdelinga i 1890-åra.

Tunet i Dyrdal er nærmast eit rekketun, der våningshus, stabbur og eldhus ligg langs bygdevegen og låvebygningane ligg på rekke bakanfor mot den dyrka jorda og som vern mot eventuelle steinsprang frå lia ovanfor.

Klyngetunet i Dyrdal



Reguleringsplan for Dyrdal. Alle bygningane i klyngetunet, samt Peranaustet (67/3) og Jensanaustet (67/12) er regulert til vern av kulturmiljø.

Bnr. 1, 2, 3, 4 og 5 utgjer klyngetunet i Dyrdal. 15 Sefrak-registrerte bygningar

Gbnr. 67/1 Heimigarden
- Våningshus (1820 – 1830). Kårstove før bruksdelinga i 1890-åra.
- Låve (1820 – 1830). Var større før bruksdelinga.
- Eldhus

Gbnr. 67/2 Framigarden /Isaktunet
- Våningshus (flytta i 1910, påbygt i 1912).
- Låve (slutten av 1820-talet)
- Eldhus

Gbnr. 67/3 Peragarden
- Våningshus (1889)
- Låve (1890-åra)
- Stabbur (før 1820). Einaste huset som stod att etter brannen i 1820.

Gbnr. 67/4 Hatlelid-garden
- Våningshus (1850 – 1875)
- Låve (1800-talet). Utvida fleire gonger.
- Stabbur (1800-talet). Flytta ved bruksdelinga.

Gbnr. 67/5 Sjuragarden
- Våningshus (1800-talet, påbygt i 1903)
- Låve (eldste delen frå 1800-talet)
- Eldhus

Stabbur på gbnr. 67/3. Før 1820. Einaste huset som stod att etter brannen i 1820.

Stabbur på gbnr. 67/4. Bygt 1831. Stabburet stod tidlegare nede i hagen til bnr. 5.

Driftsbygning på gbnr. 67/1. Truleg bygt kring 1830.

Driftsbygning på gbnr. 67/3. 1890-åra.

Driftsbygning på gbnr. 67/2. Slutten av 1820-talet.

Våningshus på gbnr. 67/2. Huset stod før sør for våningshuset på bnr. 3. Det vart flytta i 1910 og påbygt i 1912 til storleiken det har i dag.

Våningshus på gbnr. 67/4. 1850-1875.
2-etasjes lafta bygning.

Gnr. 69 Drægo

Gbnr. 69/1 Drægo

Våningshus på Drægo. Bygt 1948.
Gamlestova er innbygt i denne bygningen.

Kårhus. I god stand.

Eldhus. Taket vart vølt i 2011.

Gbnr. 69/2 Drægali.

Våningshuset på Drægali er bygt i 1910 og påbygt i 1947. Driftsbygningen vart bygt kring 1920. Bygningane er i rimeleg god stand.

Naust og sjøbuer

Gbnr. 67/3e Peranaustet i Dyrdal. Ca. 1870. Det eldste naustet i Dyrdal. Flytta frå tomt sør-vest for ferjekaien. Naustet er no innkledd for å verne tømmerveggane.

Gbnr. 67/12 Jensanaustet. Tilhøyrde tidlegare bnr. 67/2. Foto før restaurering.

Naustet vart restaurert i 2013 med tilskot til kulturminne på verdsarvlista, Norsk kulturminnefond og Uni-stiftelsen. Omtalt i årsmedldinga for 2013 til Norsk kulturminnefond.
Foto: Gry Mørk

Bygningar i utmark

Utmarksløer

Dyrdal hadde mange uteløer, 13 løer er tapte dei seinast åra, men framleis er Dyrdal den grenda som har flest ståande uteløer innanfor verdarvområdet. Med eit unntak er alle i sterkt forfall. Alle gardane i Dyrdal har slåtteteigar oppover dalen. Det er sjelden med så mange uteløer samla på eit avgrensa område som her.
I tillegg til dei som er synte nedanfor er det fleire i Fremstali og i Jeiskali. Restar av løa i Jeiskali er teke vare på av grunneigaren som har planar omoppattbygging. Grunneigaren har også planar for oppattbygging av løa til bnr. 67/2 på Svilli med tanke på tilrettelegging av læringsarena.

Uteløe i Øyane i Dyrdal, gbnr. 67/2. Løa er godt synleg frå fjorden.

Uteløe til gbnr. 67/2 (e).

Uteløe til gbnr. 67/3 (h). Lafta uteløe.

Laftekassa er sterkt angripen av makk og råte. Evt. restaurering vil medføre stor utskifting av stokkar. Bør sikrast for å kunne stå som den er.

Uteløe til gbnr. 67/3

Uteløe til gbnr. 67/4

Stølsgrender i Dyrdal

Gardane i Dyrdal har bebygde stølar på Skogane, Hjølmo, Vassete, Lægdene, Snauasete og Løhaug. I tillegg til alle gardane i Dyrdal har også Styvi stølsrettar på Hjølmo og Vassete. Løhaug tilhøyrer Dyrdal, men har i lang tid vore vårstøl for Drægo og Drægali. Lægdene tilhøyrer Dyrdal, men har i lang tid vore utleigd og berre vore nytta av bønder frå Fresvik.

Skogane

Inste Skogane, som fram til om lag 1900 var husmannsplass, var nytta som vår- og hauststøl av bnr. 2, 3 og 9 i Dyrdal, sist av bnr. 9 fram til slutten av 1960-talet.
Heimste Skogane (Atlagjerdshaugen og Gjerdeteigen), som ligg midt mellom tunet i Dyrdal og Inste Skogane vart nytta som vårstøl. Bnr. 4 hadde sitt sel på Atlagjerdshaugen. Bnr. 1 og 5 var på Gjerdeteigen. Sela på Heimste Skogane er bygt mellom 1925 -1950.

Skogastova under bnr. 67/2 på Inste Skogane. Bygt 1825 -1850. Husmannsplass fram til om lag 1900. Seinare brukt som stølshus/sel. Skogastova under demontering.
Foto: Gry Mørk

Skogastova under restaurering. Tilskot frå Kulturminnefondet, tilskot til kulturminne på verdsarvlista, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Verdsarvparken og UNI-stiftelsen.
Foto: Gry Mørk

Hjølmo

Gnr. 58, 67 og 69 Hjølmo. 9 Sefrak-registrerte bygningar.

Selet til gbnr. 58/1. 1800-talet.

Selet til gbnr. 69/1. 1875-1900.

Selet til gbnr. 67/1. 1800-talet.

Vassete

Gnr. 58,67 og 69 Vassete (Dyrdal). 10 Sefrak-registrerte bygningar.

Selet til gbnr. 67/9. 1800-talet.

Selet til gbnr. 67/3. 1800-talet.

Løhaug

Gbnr. 69/1. Løhaug tilhøyrer Dyrdal. Vårstøl til Drægo og Drægalid. Det er ikkje foreteke synfaring her. Det pågår istandsetjing av selet.

På stølane er det først og fremst heilskapen som er viktig å ta vare på, slik at trongen for vedlikehald vil kunne ha innverknad på prioriteringa. Ved ei heilskapsvurdering bør sikring av grunnmurane på alle sela ha høg prioritet.

Lægdene

Gnr. 67 (Dyrdal) og 69 (Drægo). Ingen Sefrak-registrerte bygningar.
Stølen tilhøyrer eigentleg Dyrdal, men er i seinare tid nytta av bønder i Fresvik og Simlenes.
Foto: Siri/Geir Ove Bøtun.

Karakteristisk sel med lafta innsel og skot i bindingsverk.

Tømra sel. Fare for stor utskifting av tømmer ved eventuell restaurering.

Snauasete
Stølen tilhøyrer Drægali, men stølshuset som står der i dag tilhøyrer Fresvik.

Kraftverk

Kraftverket i Dyrdal. Bygt 1925. Bygningen vølt av Aurland kommune i 2003.
Har stor pedagogisk verdi. Einaste i sitt slag i verdsarvområdet.

Verneverdi/ prioritering av bygningar i Dyrdal med tilhøyrande stølar

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Stabburet på gbnr. 67/3	Historisk verdi	Miljøverdi		1.
Stabburet på gbnr. 67/4	Historisk verdi	Miljøverdi		1.
Driftsbygning på gbnr. 67/1	Bygningshistorisk verdi	Miljøverdi		2.

Driftsbygning på gbnr. 67/2	Historisk verdi	Miljøverdi		2.
Driftsbygning på gbnr. 67/3	Historisk verdi	Miljøverdi		2.
Selet til gbnr. 58/1 på Hjølmo	Næringshistorisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	3.
Selet til gbnr. 69/1 på Hjølmo	Næringshistorisk verdi	Miljøverdi	Bruksverdi	3.
Uteløa til gbnr. 67/2 i Fremstali	Næringshistorisk verdi	Miljøverdi		4.
Uteløa til gbnr. 67/3 i Fremstali	Næringshistorisk verdi	Miljøverdi		4.
Uteløa til gbnr. 67/4 i Fremstali	Næringshistorisk verdi	Miljøverdi		4.

9.12 Området innanfor Voss kommune



Den delen av verdsarvområdet som ligg innanfor Voss kommune omfattar Øvsthusdalen frå Øvsthus til Grindafletane og øvre del av Nærøydalen med gardane Stalheimsøy, Sivlesøy samt husmannsplassen Nåli.
Det er ikkje foreteke synfaring på Stalheimsøy, men det er ikkje Sefrak-registrerte bygningar på garden. Det er heller ikkje foreteke synfaring i Øvsthusdalen.

Gnr. 334 (Voss) Sivlesøy

Sivlesøy 5 Sefrak-registrerte bygningar

- Våningshus
- Sau- og geitefjøs (1775 – 1800)
- Høyløe (1775 – 1800)
- Storfefjøs (1775 – 1800)
- Stabbur (1775 – 1800)

Den gamle driftsbygningen, som består av saue- og geitefjøs i eine enden, storfefjøs i den andre og høyløe mellom desse, er medteken i lista over fredningsverdige uthus (kap. 7.1.4.2) i Kommunedelsplan for kulturminne i Voss. Driftsbygningen er eit godt eksempel på samanbygde hus, ein byggemåte som har vore vanleg i tidlegare tider på Vestlandet, særleg i Hordaland. Det har tidlegare vore kontakt mellom eigar og offentlege styresmakter om å ta vare på bygningane. Fleire løysningar har vore vurdert, m.a. flytting til museumsområdet på Stalheim. Det er denne løysninga eigaren helst ser føre seg. Av ulike årsaker har det ikkje vore mogeleg å kome fram til ei løysning. Bygningen er no i sterkt forfall, særleg saue- og geitefjøsen der taket har falle saman, og det er eit stort spørsmål om bygningen kan reddast. Med tida har motivasjonen til å ta vare på bygningen minka, i takt med forfallet. Eigaren ynskjer derimot å ta vare på stabburet. Høyløe og storfefjøs kan framleis reddast. Forfallet på våningshuset er også kome langt, og ved ei eventuell restaurering må truleg store deler av materialane skiftast ut.

Stabbur på Sivlesøy. 1775 -1800.

Ein del skadar på taket. Strakstiltak er naudsynt.

Storfefjøs på Sivlesøy. 1775 -1800

Høyløe på Sivlesøy. 1775 -1800

Saue-og geitefjøs på Sivlesøy. 1775 – 1800.

Øvsthusdalen og Nåli

Øvsthus. Foto: Svein Ulvund

På garden Øvsthus er det kun deler av tømmerveggane som står att.
På husmannsplassen Nåli er det heller ikkje ståande bygningar.

Verneverdi/ prioritering av av bygningar bygningar i området innanfor Voss kommune

Bygning	Kunnskapsverdi/ historisk verdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi/ resursverdi	Prioritering
Stabbur på Sivlesøy	Bygningshistorisk verdi	Forekomstverdi	Bruksverdi	1.
Storfefjøs og høyløe, Sivlesøy	Bygningshistorisk verdi	Forekomstverdi		2.

10. RESTAURERINGSRETTLEIAR

Antikvarisk istandsetjing av verneverdige bygningar og bygningsmiljø i verdsarven

Verdsarvområdet omfattar mange verneverdige bygningar og bygningsmiljø. Denne planen gjev ein oversyn over dei fleste av dei. Ei bygning eller eit bygningsmiljø er å sjå på som verneverdig om den:

1. har eit juridisk vern, dvs. er:
    a. freda i medhald av Lov om kulturminne
    b. omfatta av omsynssyne med føremål om bevaring gjennom Plan- og bygningslova

    Med unntak av Undredal stavkyrkje er alle bygningar i verdsarvområdet som har eit juridisk vern, verna gjennom Plan- og bygningslova.
2. omtala som verneverdig i ulike samanhengar:
    a. i ein kommunal verneplan, forvaltningsplan eller restaureringsplan
    b. definert som verneverdig av antikvariske styresmakter, som Riksantikvaren, fylkeskommunen eller kommunen

    Mange bygningar og bygningsmiljø i planområdet er omtalt som verneverdig på denne måten.

Fleire trehusmiljø i planområdet er t.d. regulert til bevaring etter Plan- og bygningslova. Desse miljøa er viktige i kraft av sin heilskap, men har og einskildbygningar som er verneverdige i seg sjølve og av di dei er ein del av den større heilskapen. Bygningsmiljøet i sentrum av bygda Gudvangen – bygda i hjartet av verdsarvområdet og innfallsport til verdsarvfjorden Nærøyfjorden – er døme på eit bygningsmiljø med høg verneverdi:

Foto: Bygningsmiljøet i Gudvangen sentrum er regulert til bevaring. Både einskildbygningar og miljøet som heilskap har stor kulturhistorisk og opplevingsmessig verdi. Bygningane vert i dag nytta til bustadføremål og i samband med næringsdrift.

Det er ei målsetjing at verneverdige bygningar og bygningsmiljø innafor verdsarvområdet skal vedlikehaldast og restaurerast etter antikvariske prinsipp. Målet med ei antikvarisk

istandsetjing er at bygningen skal framstå med dei same særskilde kvalitetane som den hadde før istandsetjinga. Mest mogleg av det opphavelege og særprega ved bygningane – det som gjev dei verdi – bør takast vare på. Innan antikvarisk istandsetjing reparerer ein bygningen ved å nytte same type material, reiskapar og handverksteknikkar som var nytta i bygningen frå før så langt det let seg gjere. Ein skal unngå endre eller å "pynte" på bygningen med andre type materialkvalitetar og utforming. Gjenbruk av material og utskifting av "likt med likt" i den grad det er mogleg er og viktig.

Foto: Øksing av tømmer i samband med restaurering av tømmerkoia nede ved fjorden i Nordheimsdalen naturreservat. Restaureringa av denne koia vart gjennomført av restaureringshandverkar Magnus Wammen i lag med Aurland Fjellstyre.

Skal ein til dømes tilbakeføre ei modernisert bygning til ein meir tidstypisk utsjånad eller skifte ut øydelagde bygningsdelar med nye, skal ein helst nytte same type material som det som det som var nytta, gje materialen og konstruksjonen same utforming og kvalitet ved å nytte same dimensjonar og like handverksreiskapar og –teknikkar som dei som var nytta i bygningen frå før.

Restaureringsarbeid bør gjennomførast under leiing av eller med råd frå handverkarar med kompetanse innan antikvarisk istandsetjing. Mange restaureringsverksemder er allsidige og kan utføre dei fleste eller alle oppgåvene knytt til ei restaurering, andre gonger trengst fleire verksemder å verte kopla til eit og same prosjekt. Mange prosjekteigarar bidreg inn i prosjekta sine sjølve, anten dei gjer mesteparten av arbeidet sjølv eller assisterer handverkarane. Ikkje alle sider ved eit prosjekt krev antikvarisk kompetanse.

På høgdegarden Nedberge føregår restaurering av eine løa og eit stabbur parallelt. Eigarane har sjølv prosjektadministrasjonen og utfører svært mykje dugnadsarbeid. I restaureringsarbeidet vert fleire handverkarar nytta: Audun Torvaldsen i Tre og Tradisjon har hovudansvaret for trearbeidet, husdoktor Geirr Vetti for murearbeidet. Foto: Torill Nedberge Klevmark.

Husbukk

Eit stort problem med restaurering i dei indre fjordstroka våre er husbukk, ei bille som lever av daudt og gamalt trevirke i hus. Eit hus kan verte øydelagd av husbukk få år etter det har vorte restaurering om t.d. ikkje har vore nytta material som husbukken ikkje angrip. Det beste er alved eller osp. Den er dyrare enn anna material, men varer til gjengjeld mykje lengre.

Riksantikvaren og Lærdal kommune samarbeider om eit forskingsprosjekt på husbukkproblematikk, der m.a. Lærdalsøyri og Otternes Bygdetun vert nytta som case. Det er eit forskingssamarbeid som Nærøyfjorden Verdsarvpark og Stiftinga Otternes Bygdetun har kopla seg på og håper å få vidareført i lag med Lærdal kommune.

Kva må omsøkjast løyve/ dispensasjonar til og frå kven?

Kommunen har ei samordnande rolle med ulike offentlege etatar og har oversikt over om bygningen er omfatta av ein omsynssone og kva føresegner som gjeld for den. Kommunen skal alltid kontaktast i samband med bygningsprosjekt innanfor så vel som utanfor verneområda og verdsarvområdet der det er snakk om riving i staden for restaurering, bruks- og fasadendring. Det gjeld og om ein vil byggje på eller setje opp tilbygg til bygningen.

Ligg bygget innanfor eit av verneområda må i tillegg Nærøyfjorden verneområdstyre søkjast om løyve i slike saker.

Verdiskapande restaurering

Me ynskjer at kulturminna i verdsarvområdet skal bidra til verdiskaping på ein eller annan måte, at dei skal utgjere ein positiv faktor for samfunna her, både einskiltmenneska, det sosiale livet, historia og identiteten til området, samt landskapet og næringslivet her. Verneverdige bygningar og bygningsmiljø bør difor først og framst restaurerast med tanke på bruk om det let seg gjere. Bruksverdien kan vere så mangt, både tradisjonell og ny.

Bruken bør tilpassast ikkje berre eigar, men og bygningen. Ein ynskjer ein bruk som ivaretek verneverdiane til bygningen og miljøet den står i og som ikkje påfører den irreversible inngrep. Bygningsmessige endringar i samband med restaurering medfører ofte krav om løyve frå kommunen, verneområdetstyret og i nokre tilfelle fylkeskommunen. (Meir om dette i eige avsnitt nedanfor.) Inngrep som medfører endringar i eksteriøret til verneverdige bygningar gjer det også vanskelegare å få økonomisk støtte til restaureringsarbeidet. Kva bruk bygningen skal ha bør med andre ord vere avgjort allereie i planlegginga av prosjektet. Bruksføremålet har innverknad på kva finansieringsordningar ein kan søkje prosjektmidlar ifrå og på korleis prosessen og restaureringa bør/ må gjerast.

- Restaureringsmidlar vert ikkje gjeve til moderniserande brukstilpassingar av bygningar. Skal ein t.d. ta bygningen i bruk som serveringsstad må kjøkkenløysingar, elektrisk anlegg, ventilasjonsanlegg og sanitæranlegg i dei fleste tilfelle dekkjast privat eller med tilskot frå andre ordningar.
- Restaurering av ei bygning med plassering i eit rasutsett område kan krevje nærmare utgreiing av skredfaren i området av geologar. Graden av skredfare har innverknad på kva bruk ei bygning kan ha. Store delar av verdsarvområdet er utrygt for steinskred eller snøras og formelt definert som rasutsett. Kommunen kan gje nærmare opplysningar om dette.

Nilsa Marta-naustet på Bakka er eit døme på ei vellukka restaurering til ein bruk som på ein og same tid er tradisjonsbunden og ny og næringsretta:

Nilsa Marta-naustet på Borgastrondi på Bakka er del av det autentiske husmannstunet Kløvatunet. Eigar er båtvert for Kystled Nærøyfjord, og naustet vart restaurert til tradisjonell bruk som båtopplag og

oppbevaring av materiell og reiskap knytt til bruken av både kystledbåten og andre båtar som eigar har. Naustet var tekt med bylgjeblikk på eine sida og villheller på andre sida. Gjennom restaureringa vart taket tilbakført til slik det var opphaveleg med villheller på begge sidene. Det var og gjeve løyve og midlar til oppføring av ein bølgjebrytar for å hindra at grunnmuren til naustet på nytt vart øydelagt av bylgjene frå båttrafikken på fjorden. Foto: Nærøyfjorden Verdsarvpark

Etter endt restaurering kan ein glede seg over ei bygning som ein vil kunne nytte i mange år framover og over at ein har bidrege til bevaring av kulturminneverdiane i eit av verdas mest fantastiske naturområde – verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap.

Leige vekk eller selje restaureringsobjektet?

Om ein eig ei verneverdig bygning ein sjølv av ein eller annan grunn ikkje ynskjer å restaurere kan ei alternativ løysing vere å leige den vekk til nokon som kunne tenkje seg å engasjere seg for den og evt. ta den i bruk etter nærmare avtale. Er bygningen ikkje knytt til ein landbrukseigedom kan sal av bygningen og vere ei moglegheit for å få teke vare på den ved sida av utleige. I fylgje Jordlova er det strenge reglar for sal av bygningar som er del av ein landbrukseigedom.

Gode råd til søknader om restaureringstilskot

Orienter deg om tilskotsordningane og kva l¿yver du treng

For å unngå unødige forsinkingar i prosjektet bør så tidleg som mogleg ein setje seg inn i søknadsfristar og retningsliner for ordningane ein vurderer å søkje midlar gjennom så tidleg som mogleg. Både førebuing og handsaming av søknadene tek tid.

- Skal søknad sendast inn på eige skjema?
- Kva vedlegg må du sende med søknaden?
- Kor stor må eigendelen i prosjektet vere?
- Kor stor del av finansieringa kan vere offentleg?
- Korleis kan prosjektet verte eit samarbeid og eit spleiselag mellom fleire aktørar?
- Er det trong for særskilte løyver i samband med ditt prosjekt? Alle løyver bør ideelt sett sendast med som vedlegg ved innsending av søknaden.(Ved bruksendring eller riving av eit bygg må du t.d. søkje løyve frå kommunen. Treng du transport med helikopter inne i eit av verneområda, må verneområdestyret søkjast om løyve. Ved tiltak som vil føre til fasadeendringar skal både kommunen og evt. verneområdestyret søkjast om løyve. Skal bygningen nyttast til matproduksjon, servering, overnatting og/ eller vere ein arbeidsplass for fleire, bør ein opprette kontakt med både Mattilsynet og Arbeidstilsynet i planlegginga og undervegs i arbeidet med prosjektet.)

Prosjektskildring og budsjettering

Restaureringshandverkarar er ikkje berre nøkkelen til å få gjennomført prosjekta på ein god måte restaureringsfagleg sett. Dei er også sentrale i planlegginga av prosjektet. Dei kan eit gje eit kostnadsoverslag med skildring av tiltak knytt til tilstanden til bygningen og bruken den skal ha. I alle søknader om tilskot er det eit krav at man legg ved prosjektskildring frå handverkar, samt budsjett med finansieringsplan. Ein b¿r leggje til ein post på 10-20% av

totalkostnadene for å ha høgde for evt. uføresette utgifter. Det er ganske vanleg at restaureringsarbeid vert dyrare enn det ein i utgangspunktet trudde.

Rekonstruksjon av bygningar

Ein kan ikkje søkje restaureringsmidlar til prosjekt som går ut på å rekonstruere eller byggje opp att ei gamal bygning. Slike prosjekt går under kategorien nybygg, ikkje restaurering. Ønskjer ein likevel å gå for eit slikt prosjekt må det for det første søkjast løyve til tiltaket frå Verneområdestyret for Nærøyfjorden og Stølsheimen og/ eller kommunen som prosjektet høyrer heime i.

Foto: Den nybygte løa i bakgrunnen på det nedste bruket på fjellgarden Stegen er ein tilnærma kopi av den løa som sto der opphaveleg. I og med at løa vart sett oppatt som eit nybygg var det ikkje mogleg å få midlar til arbeidet frå tilskotsordningar øyremerka restaurering. Murane vart restaurert gjennom kurs i tørrmuring. Det skal nemnast at eigarane har gjort ein formidabel eigeninnsats og i stor grad finansiert prosjektet ved hjelp av eigne midlar.

Tilsagn om tilskoÐgjennomf¿ring av prosjektrapportering

Når prosjektet er fullfinansiert, alle løyver er i orden og ein har fått til avtale med restaureringshandverkar, kan ein setje i gang.

Les imidlertid tildelingsbreva nøye og signer eventuelle akseptskjema for tildelinga innan den oppsette fristen før du startar. Gjennomfør restaureringa i tråd med planen og vilkåra i tildelingsbrevet. Om det oppstår noko underveg som endrar prosjektet, t.d. om utskifting av material, må du kontakte dei som du har fått tilskot frå for å drøfte saken. Vert prosjektet forsinka i høve til oppsett framdriftsplan og frist for sluttføring, må du søkje om utsett frist.

Du må setje deg inn i dei gjeldande reglane for utbetaling av midler og del-/sluttrapportering av prosjektet. Føring av arbeidslogg og fotografering av prosjektet undervegs i prosjektet lettar rapporteringsjobben. Rapporten skal vere grundig og ha foto, rekneskap og bilag vedlagt. Oversikt over eigne og andre sine dugnadstimar i prosjektet skal liggje ved.

Viktige tilskotsordningar

I ein del tilfelle handlar det å løyse ut midlar til eigne prosjekt om det å tenkje kreativt og sjå moglegheiter for å kople sitt eiget prosjekt til etablerte tilskotsordningar eller programstyrte verkemidlar som ikkje først og fremst skal ta føre seg restaurering. I komplekse prosjekt bør ein mao. prøve å få til eit samspel av ulike verkemidlar for å realisere prosjektet. Viss restaureringsprosjektet vil bidra til verdiskaping eller har verdiskaping som føremål, opnar det

seg til dømes mange moglegheiter for tilskot. Det same gjeld prosjekt knytt til landbrukseigedomar. Ein kan sjå på program eller tilskotsordningar med allmennyttige eller næringsretta føremål, som har fokus på kulturuvikling, bygdeutvikling (BU-midlar) eller er landbruksrelaterte (SMIL).

Svært mange av ordningane retta mot restaurering og andre føremål er omtalt i Legathåndboken. Den kjem i redigert utgåve kvart år og er ei nyttig investering om du skal søkje midlar.

Ordning	*Omtale*	*Nettstad*	*Søknadsfrist*
Norsk Kulturminnefond	Ein av dei viktigaste verkemiddelaktørane i arbeidet med bevaring av verneverdige bygningar og bygningsmiljø. Kan og gje støtte til arbeid med andre typar kulturminne. Opererer med prioriterte satsingsområde i ulike periodar, men skal generelt bidra til vern av verneverdige og freda kulturminne som kan nyttast som grunnlag for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Målgruppe: Private eigarar og friviljuge organisasjonar. Kommunalt eigde kulturminne og kulturminneprosjekt som er knytt opp mot handverksutvikling kan og få støtte. Kan yte tilskot frå 30%-70% av totalbudsjett, med 1 000 000,- som maksbeløp. Strenge formelle krav til søknadene. Har eige søknadsskjema. Gjev råd i søknadsprosessen. Norsk Kulturminnefond har også ei tilskotsordning der det kan søkjast om midlar til sikringstiltak av kulturminne, i første rekke tiltenkt kulturminne der det er trong for å få gjort noko straks. Desse søknadane vert handsama fortløpande og eigar/tiltakshavar kan søkje om å få dekka halvparten og inntil kr. 30 000 av kostnadane med sikringstiltak.	kulturminnefondet.no	01. November Fortløpande
Tilskot til kulturminne på verdsarvlista	Statleg ordning administrert av fylkeskommunar med verdsarv. Ordninga skal medverke til å sikre og setje i stand dei norske verdsarvområda i tråd med dei internasjonale retningslinene til UNESCO, og skal bidra til å gjere verdsarvområda meir tilgjengelege og skal avgrense slitasje. Tilskotsmidla må gjerne kombinerast med opplæring, for å styrke kunnskapen og bruk av tradisjonelle handverksteknikkar og materiale. Eige søknadsskjema	sfj.no hfk.no	15. november

Stiftelsen UNI	Stiftelsen UNI har som føremål å bidra til ei trygg utvikling i det norske samfunnet gjennom allmennyttig verksemd innan skade- og miljøvern. Stiftinga støttar tiltak som vernar menneske og fortidsminne. Den økonomiske støtta kan gjevast til prosjekt og som påskjønning til institusjonar og einskildpersonar. Eige søknadsskjema.	stiftelsen-uni.no	Fortløpande
Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	Formålet å i vareta natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapa til jordbruket, samt redusere forureininga frå jordbruket, utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift. Få til ein meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetjingar. Tilskot kan gjevast til føretak eller eigarar som driv og/eller eig ein landbrukseigedom, eller til einkvar som er registrert i Enhetsregisteret og som har fått løyve av eigaren til landbrukseigedomen til å gjennomføre eit tiltak. Både retningsliner for tildeling og søknadsfristar varierer noko frå kommune til kommune. Det er landbrukskontora i kommunane som administrerer SMIL-ordninga. Søknad sendast på eige skjema.	slf.dep.no Kommunane si heimeside	Søknadsfrist: Varierer frå kommune til kommune. Ein gong pr. år.
Fylkeskommunale kulturvernmidlar	Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje lenger tilskotsordning som støtter restaurering av verneverdige bygningar og bygningsmiljø, anna enn for eigarar og forvaltarar av freda bygg og anlegg. Hordaland fylkeskommune har to ulike ordningar aktuelle i samband med restaureringsprosjekt:		

ermtiltak - ei tilskotsordning til freda bygningar og ikrings- og beredskapstiltak. e med unntak av staten. på eige skjema. g vøling av verneverdige bygg og anlegg for alle erdige bygg og anlegg. på eige skjema.		01. desember 01. desember
ar vore ein viktig bidragsytar i restaureringsprosjekt i rvområda. Dei verneområdestyra som no er etablert ige av funksjonane til Fylkesmannen i planområdet og sakar som vedkjem verneområda og verdsarvområdet. e kan verneområdestyret yte midlar til jekt. Ein kan kontakte verneområdeforvaltar direkte egheita for bidrag derifrå.		
r ein viktig medspelar i mange restaureringsprosjekt, onomiske tilskot, handverksmessig hjelp eller l frå Verdsarvparken kan ein ta kontakt med or å drøfte prosjektet og moglegheitene for dette.	naroyfjorden.no	
orsk Kulturarv køyrer med jamne mellomrom Ta eit istand frå Stiftelsen UNI, der det er mogleg å søkje	kulturarv.no	Vert kunngjort på heimesida.